

Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Vik kommune

Leif Hauge



Samarbeidsgruppa i Sogn og Fjordane
Fylkeskultursjefen
Fylkeslandbrukskontoret
Fylkesrådmannen-planavdelinga
Fylkesmannen-Miljøvernnavdelinga
Sogn og Fjordane distriktshøgskule

Rapport nr. 10
KULTURLANDSKAP I
SGN OG FJORDANE
Bruk og vern

FØREORD

Denne rapporten omfattar inventeringar og vurderingar av 16 utvalde kulturlandskap og kulturmarkstypar i Vik kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Rapporten inngår som nr. 10 i ein serie på fleire i prosjektet "Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern". Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkeskultursjefen, Fylkeslandbruksjefen, Fylkesrådmannen-planavdelinga, Fylkesmannen-miljøvernnavdelinga og Sogn og Fjordane distrikthøgskule.

Sogn og Fjordane distrikthøgskule (SFdh) ved fyrsteamanuensis Ingvild Austad har det faglege ansvaret for prosjektet.

Vedrørande drift og vedlikehald av tradisjonelle og verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstypar nemnde i denne rapporten, kan det i dag søkast om tilskot frå Statens forhandlingsutval til drift som kan stimulere til å halde eldre driftsformer i hevd, eller element/areal som har kulturhistorisk verdi. For å få tildelt slike tilskot krevst gjennomarbeidde skjøtsels og driftsplanar for området. Slike skjøtselsplanar vert m.a. utarbeidde ved Sogn og Fjordane distrikthøgskule, avdeling for landskapsøkologi.

Takk til Vik kommune for positivt samarbeid. Takk også til gardbrukarar og alle andre som har gitt opplysingar i samband med rapportskrivinga.

Sogndal, oktober 1990.

Leif Hauge

REFERAT

Hauge, L. 1990: Kulturlandskap i Vik kommune. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane, bruk og vern. Rapport nr. 10.

Innan Vik kommune finst eit variert utval av kulturlandskap og kulturmarkstypar. Dette skuldast spesielt topografiske variasjonar i kommunen, samt ulikskapar i berggrunn, klima og vegetasjon. Utnyttinga av naturgrunnlaget og driftsformene i jordbruket strekkjer seg frå fjord til fjell.

Ved utvalet av typeområda er det teke sikte på å sikre ein geografisk spreiing, samt å presentere område som representerer ulike og naturvitenskapleg interessante biotopar. Områda er også vurderte med tanke på kulturhistorisk verneverdi og i høve til tilbod innan friluftsliv og reiseliv.

I Vik kommune er 16 område presenterte. Fire av desse er heilskaplege gards- eller husmannsmiljø og to stølsmiljø. Dei andre områda omfattar mellom anna hagemarkstypar som bjørke- og einerhagar, beitebakke, to urterike slåtteenger og einaskeallé.

Kvart typeområde er skildra med viktige karaktertrekk, historisk bruk, skjøtselstiltak og med verdivurdering. Val av forvaltningsmodell for dei ulike områda vil i stor grad vere avhengig av politiske avgjerder både nasjonalt, fylkeskommunalt, kommunalt og lokalt. Det må presiserast at det bør utarbeidast detaljerte skjøtselsplanar ved vidare arbeid med typeområda, særleg for heilskaplege kulturlandskapsmiljø.

Leif Hauge,

Sogn og Fjordane distrikthøgskule, Boks 39, N-5801 Sogndal

INNHOLD

1.0 INNLEIING	5
1.1 Problemstilling	5
1.2 Målsetjing	5
1.3 Avgrensingar	5
1.4 Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fj.	6
2.0 UNDERSØKINGSOMRÅDET	11
2.1 Lokalisering og næringsvegar	11
2.2 Klima	13
2.3 Berggrunns- og kvartærgeologi	13
2.4 Flora og vegetasjon	13
3.0 KULTURHISTORIE	16
3.1 Fornminne	16
3.2 Utvikling av Vikøyri	16
3.3 Gamle ferdselsårer	18
3.4 Utvandring	19
3.5 Freda bygningar	19
4.0 PLANARBEID	20
4.1 Verneplanarbeid	20
4.2 EDNA, FRIDA og kommuneplan	20
4.1 SEFRAK-registrering	20
5.0 SÆRTREKK VED LANDSKAPET I KOMMUNEN	21
5.1 Landskapstrekk	21
5.2 Kulturlandskapet	21
5.3 Utnytting av naturressursane	22
6.0 TYPEOMRÅDA	27
6.1 Finnabotn	28

6.2 Alrekstøl	34
6.3 Engum	38
6.4 Mørki	42
6.5 Valsvik	46
6.6 Lee	50
6.7 Bjergane	55
6.8 Bungum	59
6.9 Heimdal	63
6.10 Skjerven	66
6.11 Preststølen	70
6.12 Fosse	74
6.13 Grønsberg	78
6.14 Myrkaskog	82
6.15 Tveit	85
6.16 Ovrid	89
7.0 SAMANDRAG	92
8.0 LITTERATURLISTE	94

1.0 INNLEIING

1.1 Problemstilling

Sogn og Fjordane er eit fylke der natur- og kulturtihøva har medverka til å oppretthalde tradisjonelle driftsformer i jordbruket. Samstundes er det eit fylke som er særleg rikt på verneverdige bygningsmiljø og einskildbygningar. I fylket finst det framleis eldre kulturlandskap med spesielle verdiar knytte til seg. Nokre avspeglar landbruks- og kulturhistorie, andre er verdifulle leveområde for planter og dyr. Kulturlandskapet er og ettertrakta opplevings- og turområde veleigna til friluftsliv. I tillegg er dei ofte attraktive reisemål.

Eldre kulturlandskap og verdifulle kulturmarkstypar er i dag sterkt pressa og i ferd med å forsvinne frå landskapsbiletet, både gjennom attgroing, stans eller endring av tradisjonelle driftsformer, eller ved omfattande inngrep. Omlegginga av driftsformene i jordbruket med m.a. auka bruk av kunstgjødsel, mekanisering av arbeidsprosessar og bruk av foredla planteslag og dyrerasar, har skapt store endringar i landskapet over ein heller kort tidsperiode.

Denne effektiviseringen har ført til kraftig auke i produktiviteten i landbruket, men også utilsikta negative verknader kom som resultat. Kanaliseringspolitikken innan landbruket har ført til liten kombinasjon mellom åkerbruk og fedrift. Monokulturar vert gjødsla og sprøyta for å sikre høg avkasting. Denne spesialiseringa har resultert i forureining og andre miljøbelastningar.

Overgangen til rasjonell drift har medført samanslåing av jordbruksareal med fjerning av åkerholmar, tresamlingar og kantvegetasjon, samt lukking av bekkefar og kanalisering av naturlege elvelaup. Svært mange plante-, insekts- og dyreartar har tilhald i slike vegetasjonssamfunn og aktiv oppdyrkning kan resultere i tap av genetiske ressursar. Trongen for store samanhengjande areal har også medført fjerning av tekniske anlegg som m.a. steingardar, rydningsrøyser og fegater. Overgangen til maskinell drift har også kravd store bygningstekniske endringar. Det blir lagt mindre vekt på innpassing av bygningar i tun og i høve til landskapet.

Vi står såleis i ferd med å misse viktige referanseområde, samt vegetasjonsøkologisk- og kulturhistorisk dokumentasjonsmateriale. Ressursane som ligg i kulturlandskapet har fram til i dag vore lite påakta.

1.2 Målsetjing

Eit viktig mål for prosjektet er å få fram heilskapen i kulturlandskapet der mellom anna fornminne, bygningar, tekniske anlegg (som t.d. vegar, vatningsveiter og steingardar) og kulturpåverka vegetasjon utdjupar og forsterkar kvarandre.

Hensikten er i fyrste rekke å registrere interessante kulturlandskapselement i dei einskilde kommunane i fylket og synleggjere dei ressursane som ligg i kulturlandskapet. I neste omgang vonar ein at ein i nokre modellområde kan prøve ut metodar for å utnytte kulturlandskapet positivt i høve til landbruk, reiseliv, kulturminnevern, rekreasjon/friluftsliv/helse/nærmiljø, undervisning og forsking.

Målsetjinga er å sikre eit representativt utval av kulturlandskap og kulturmarkstypar i kvar kommune. Dette kan best gjerast ved å sikre og oppretthalde tradisjonelle driftsformer, evt. skissere alternative forvaltnings- og bruksformer.

1.3 Avgrensingar

Innanfor dei oppsette tids- og budsjettråmene for prosjektet er det ikkje rom for detaljerte registreringar og kartlegging av samtlege interessante kulturlandskap og kulturmarkstypar i kvar kommune. Ein tek likevel sikt på å finne fram til eit representativt utval som både har geografisk spreiing i kommunen og som også fangar opp ulike typar av heilskaplege kulturlandskap og kulturmarkstypar.

Typeområda er valgde ut frå ein meir omfattande registreringsoversikt. Registreringsarbeidet byggjer på ein vegetasjonsøkologisk, kulturhistorisk og landskapsestetisk vurdering. For dei fleste områda er det skissert viktige skjøtselstiltak. For dei typeområda som vert utvalde for vidare satsing, må det utarbeidast detaljerte skjøtselsplanar (Austad & Hauge 1987, Austad & Hauge in. prep).

1.4 Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane

Grovt kan kulturlandskapet i Sogn og Fjordane delast opp i desse hovudeiningane etter sine spesielle element (Austad et. al. 1985, Austad & Hauge 1989):

1. Kystkulturlandskapet. Dette er gjerne eit trebart landskap dominert av llyngheder, strandenger, torvmyrer og beiteøyar. Landskapet her er i fyrste rekke prega av fiske, men avspeglar og jordbruk og handel.

Døme på heilskaplege kulturlandskap knytt til kystkulturlandskapet er m.a. rorbumiljø, fyrvær, fiskevær, handels- og gjestgjevarstadar og kombinasjonsbruk (jordbruk og fiske) Av kulturmarkstypar finst m.a.: llyngheder, torvmyrer, myrslåttar, fastmarks-slåttenger, strandenger, beitebakkar og helleberg.

2. Fjordkulturlandskapet. Dette landskapet ligg lunare til i tilknyting til fjordar noko inn frå kysten. Fisket spelar framleis stor rolle, men jordbruksverd vert stadig viktigare. Her er det og eit større innslag av edle lauvtre.

Døme på heilskaplege kulturlandskap knytt til fjordkulturlandskapet er m.a.: Strandsitjarstadar, skyss- og gjestgjevarstadar, fjordgardar, hyllegardar, vårstølar og husmannsplassar. Av kulturmarkstypar kan desse nemnast: styvingstre (oftast av alm, ask og lind), snelskog, bjørkehagar, einerbakkar, hasselhagar, fastmarksslåtteenger, strandenger, våtmarksenger, myrslåttar og lauv-enger.

3. Dal- og slette-kulturlandskapet. Denne hovudtypen finst i dei indre bygdene i fylket. Kyst- og fjordfiske vert avløyst av elve- og innlandsfiske. Jakt inngår som ein del av inntektsgrunnlaget. Her finst fleire marginale gardsbruk og fjellgardar med husdyrhald. Store utmarksareal og fjellbeite inngår ofte i gardsdrifta.

Døme på heilskaplege kulturlandskap er m.a. skysstasjonar, dal- og fjellgardar, husmannsplassar, heime- og fjellstølar. Av kulturmarkstypar kan nemnast: styvingstre (bjørk og selje), snelskog, fastmarksslåtteenger, våtmarks- og myrslåttar, våtmarksbeite, bjørkehagar, einerbakkar, gråorhagar.

4. Fjellkulturlandskapet. Denne hovudtypen omfattar det tradisjonelle stølslandskapet kjenneteikna av sesongvariasjon i busetjing og bruk.

Fjellgardar, fjellstølar og fjellstover er døme på heilskaplege kulturlandskap medan beitevollar, utslåttar og myrslåttar er karakteristiske kulturmarkstypar.

Ulike kommunar har oftest innslag av fleire hovudtypar av kulturlandskap. I Vik kommune er både fjordkulturlandskapet, dal- og slettekulturlandskapet og fjellkulturlandskapet representert.

Elementa som inngår i kulturlandskapet er mange og varierte. Fylgjande typar er dei vanlegaste i Sogn og Fjordane (Austad & Hauge 1989):

Styvingstre. Ulike lauvtre som er nytta til forproduksjon gjennom lauving, rising, risping o.l. Trea har ei kraftig hovudstamme som produserer eit friskt greinverk. Sjølv etter langt opphold i utnyttinga kan ein sjå skilnaden mellom hovudstamma og dei yngre greinene. Lokalt vert fleire nemningar brukte på styvingstrea, slike som "lauvkolle", "lauvingstre" og "navar".

Med små skogteigar var det vanleg å kultivere sjølv dei minste samlingane for å få høg utnyttingsgrad av ressursane. Einskilde styvingstre står gjerne spreidde i heile kulturlandskapet, ved hus, vegar, elvar, eigedomsgrenser, i storsteina urer og mot utmarka. Alderen på styvingstrea varierer etter treslag og fysiske faktorar i omgjevnadane. Lind og alm kan lett bli fleire hundre år, medan bjørk og ask har kortare levealder. Dei vanlegaste treslaga nytta til styving er alm, ask, bjørk, lind, selje, hassel og osp.

Kulturskogar/navskogar. Mange stadar vart heile skogar nytta til forsank. Dei vart stelte og tynna for å få maksimal gras-, lauv- og risavling. Skogane ligg oftest på god og næringsrik jord, men i ulendt mark som vanskeleg let seg dyrke opp. Kulturskogane er oftest samansette av edlare lauvtre, vanlegvis alm (*Ulmus glabra*), lind (*Tilia cordata*) og ask (*Fraxinus excelsior*) saman med andre treslag som hassel *Corylus avellana*, hegg *Prunus padus*, gråor (*Alnus incana*), hengjebjørk (*Betula pendula*) og vanleg bjørk (*Betula pubescens*). Stort innslag av gråor og hegg tyder på liten utnytting og forfall. Skogane er i dag fleire stadar tilgrodde og forfalne (rotvelt), tilplanta med gran eller uttynna gjennom hogst.

Hagemarkar. Hagemark er her definert som beitemark med tresjikt. Det er mange ulike hagemarkstypar kringom i fylket. Dei finst ofte på lågproduktive jordbruksareal eller på stadar som vanskeleg let seg utnytte til anna enn beitemark. Typane vert skilde frå kvarandre etter dominerande treslag. Hagemarkene er ofte bygd opp av eit stort tal med styvingstre.

Karakteristisk for alle er eit heller lysope tresjikt og eit feltsjikt som er prega av langvarig beitegang og slått. Artssamansetnaden varierer, men oftest er det ein dominans av beite-tolerante artar. Innslaget av grasartar er gjennomgåande stort. Eit botnsjikt med mosar er og stadvis velutvikla. Feltsjiktet er robust og tåler godt trakk. Hagemarkstypane finst både i låglandet og i fjellet.

Bjørkehagane er ein vanleg hagemarkstype. Dei kan delast i fleire ulike typar alt etter råme- og næringstilhøve, grunntilhøve og brukshistorie. Ein vanleginndeling

er i rike, medelsrike og fattige bjøkehagar. Dei fattige typane har nok den største utbreiinga og førkjem i hovudsak oftast på grusterrassar eller rasvifter utan særleg jorddekke. Bjørkehagane er mest utbreidde i midtre- og indre strok av fylket (Austad 1985 b).

Einerhagar er hagemarkstypar med eit stort innslag av einer. Mest spesielle er hagemarkene med eit høgt tal søyleforma individ. Dei eldste einerbakkane finst på turr og karrig mark, gjerne i steinete lende med bart fjell i dagen der slått og åkerdrift ikkje var mogeleg. Einerbakkane finst også på gamal slåttemark som etterkvart er utlagt til beite (Austad 1985 a, Austad & Hauge 1990).

Einer (*Juniperus communis*) er særskilt motstandsdyktig mot råte og vart mykje nytta til gjerdestolp, hesjestaur og nabbar (feste for hesjar), taktekking, reidskap og anna virke. Oppstamma, rettvaksne einerar tok opp lite areal på beitemarkene.

Einer på klimatisk ugunstige veksestadar, spesielt i fjellområda og ved kysten, har ein lågvaksen og krypande struktur. Eineren utgjorde eit viktig virke i samband med stølsdrifta, både til ved, reinhald og anna.

Hasselhagar er også ein tradisjonell kulturmarkstype. Store hasselbusker står spreidde i gras- og urterike hagemarkar eller i tidlegare slåttemarker. Dei har ofte ein tydleg beiteprofil i høgd med beitedyra. Hassel utgjorde tidlegare eit mykje nytta virke, m.a. til tønneband. Hasselnötter var også eit viktig produkt frå hasselskogane. Hassel er ein typisk "kolonisator" på gamal slåtte- og beitemark som i dag ligg unytta.

Aske- og almehagar er beitepåverka hagemarkstypar med høgt innslag av ask eller alm med tydelege spor etter styving. Trea var tidlegare mykje planta både i inn- og utmark for å gje eit godt fortilekskot. Fleire stadar utgjorde samlingane karakteristiske styvingslundar der slått og lauving vart kombinert. Askehagane er vanlegast i midtre- og ytre delar av fylket.

Eikehagar har sjeldan stor utbreiing, men finst som mindre fragment i kulturmarka. Dei har størst utbreiing i midtre- og ytre delar av fylket. Lindehagar med samlingar av styvingstre produserte materiale til bast og rep. Orehagar, både med dominans av grå- og svartor, finst gjerne som beitehagar på råmehaldig organisk jord. Då oren har kort levealder vart det aldri forma styvingstre av dette treslaget. Derimot vart rotoppeskotet mykje nytta som "snelskog" til for. Fleire stadar finst desse orehagane på elvesletter som flaummarksskogar eller på bekkevifter ofte overrisla av flaumvatn.

Beitebakkar utan nemneverdig innslag av tre og busker er typiske, spesielt langs kysten og i fjellet. Langvarig og intensiv beitegang har hindra oppskot av busker. Beitebakkane er som oftast dominerte av gras og gjerne låge og krypande urter.

Urterike slåtteenger som har eit høgt innslag av ville urter er gjerne gamle kulturmarkstypar. Dei er forma ved at utmarksteigar er overflaterydda for stein slik at ljåslått er mogeleg. Dei fekk ein lysopen struktur ofte oppstykka og avgrensa av jordfaste steinar, steinrøyser, tre og buskar.

Typiske slåtteenger vart ikkje pløgde eller tilsådde, men heldt seg som stabile naturenger ved regelbunden slått. Engene vart slegne om sommaren etter at grasa og urtene hadde sett frø, og beita på ettersommaren og hausten. Det meste av gjødsla kom frå dei beitande husdyra.

Slått og beite heldt oppslag av dei vanlege lauvorea borte frå engene. Slått favoriserer artar som blømer og set frø tidleg. Dei gamle slåtteengene hadde oftast ein låg produksjon. Mange gamle slåtteenger gror i dag til eller blir nytta til beite eller vert dyrka opp.

Det finst ei rad ulike utformingar av slåtteenger der både artsinnhaldet og mengdetilhøvet varierer. Næringsstilhøva og råmetilhøva i grunnen har mykje å seie for artssamansetnaden. Turrenger har oftast eit variert innhald av artar som engkvein (*Agrostis capillaris*), prestekrage (*Leucanthemum vulgare*), engtjoreblom (*Lychnis viscaria*), ryllik (*Achillea millefolium*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), gulmaure (*Galium verum*) o.l. Friske enger har gjerne eit fåtal artar som vekslar om å dominere gjennom vekstsesongen, slike som soleiehov (*Caltha palustre*), engkarse (*Cardamine pratensis*), jordnøtt (*Conopodium majus*) og hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*). Mange av artane frå dei gamle slåtteengene finst i dag berre i randområde i jordbrukslandskapet, vanlegast langs veg- og grøftekantar.

Lauvenger er slåtteenger med tresjikt. Regelbunden attendeskjering av lauvrea gjer lystilgangen til feltsjiktet tilfredsstillande. Med ein slik struktur vart både felt- og tresjiktet nytta til for.

Myr- og våtmarksslåttar. Tidlegare vart fleire myrområde slått. Myrslåttane kunne fleire stadar utgjere viktig fortilskot, spesielt i nedbørrike strok og på fjellet. Desse teigane kan i dag vere vanskelege å lokalisere då dei sjeldan vart avmerka eller inngjerda.

Våtmarkene kunne ligge i tilknyting til myrområde, men og ved innsjøar, elvar og andre vasstrenger. Flaumvatn ført med seg næringsstoff og fuktengene kunne ha ein høg produksjon. Det fuktige underlaget ber ikkje tungt maskinelt utstyr, og engene gror til i dag. Ofte finst det små utmarksloer i tilknyting til områda.

Strandenger med salt- og brakkvatnspåverknad finst ved fjorden og sjøen, helst ved utlaupet av elvar og bekker. Dei får jammleg næringstilskot frå sjøen, spesielt ved at tang- og tarerestar vert kasta på land. Stadvis kan skjelsand utgjere eit ekstra næringstilskot. Strandengene vart nok mest nytta som beiteområde, men var fleire stadar viktige i forsankinga.

Lynghei. Lyngheiene utgjorde eit karakteristisk landskapslement langs dei ytre delane av kysten. Vår og haust slo ein lyng, vesentleg røsslyng (*Calluna vulgaris*), til vinterfor. Gamal og stiv lyng vart regelbunden avsvidd. Med gras og ung lyng kunne lyngheiene nyttast som beiteområde stort sett gjennom heile året. Kystklimaet med mildre vintrar og lite snø gjorde dette mogeleg. Strukturen til lyngheiene var såleis avhengig av eit samspel mellom klima og driftsform. Så snart lyngheiene er ute av drift, gror dei att med kratt og skog. Stadvis vert dei og tilplanta med gran.

På fjellet og spesielt i kystnære område var torvstikking vanleg. Torva var viktig som brensel i slike trefattige område.

Heilskaplege kulturlandskap. Prosjektet skal og fange opp heilskaplege kulturlandskap der kulturmarkstypar, bygningsmiljø og tekniske anlegg utdjupar og forsterkar kvarandre. Primært vert interessant bygningmiljø og tekniske anlegg registrert gjennom SEFRAK registreringa i kommunane. Likevel er det naudsynleg å peike ut modellområde som innehold varierte innslag av element frå det gamle jordbrukslandskapet, område som kan vise det nære samspelet mellom naturutnytting, næring gamle gardsmiljø, husmannsplassar, stølsmiljø (både vår og sommarstølar), og anlegg knytta til fiske og fangst. Einskildbygningar som utløer, buer og naust kan og vere interessante, spesielt der dei inngår i ein heilskap.


På same vis er tekniske anlegg knytta til primærnæringane viktige. Dei mange ulike steinanlegga som steingardar, rydningsrøyser, buvegar, bakkemurar, terrassar, stølsvegar, gardsvegar, bruer o.l. er typiske element i det gamle kulturlandskapet. Vidare er det viktig å registrere typiske anlegg for ein region, slike som vatningsveitene i nedbørsfattige strok m.a. i indre Sogn.

2.0 UNDERSØKINGSOMRÅDET

2.1 Lokalisering og næringsvegar


Vik kommune ligg på sørsida av Sognefjorden i midtre strok, figurane 1 og 2. Kommunegrensa i vest går gjennom Stølsheimen og kommunane Høyanger og Modalen, i sør til Voss kommune og i aust over Fresvikbreen mot Leikanger kommune. Nordgrensa går midt etter Sognefjorden. Justeringar av kommune-grensene mot aust er på tale.

Kommunen ei flatevidd på 594 km², av dette er 15 km² jordbruksareal, 117 km² produktiv skog og 5 km² evig is og snø. Vik har kring 2500 innbyggjarar. Kring 1000 av desse bur i og kring Viksøyri, administrasjonsstaden i kommunen. Elles er busetjinga spreidd, dei fleste bur langs fjorden og i dalføra sør for Viksøyri.



Figur 1.

Lokalisering av Vik kommune i Sogn og Fjordane.



Figur 2.

Oversiktskart over Vik kommune (Cappelen 1986).

Jordbruk er framleis hovudnæringa, med storfe- og sauehald som den viktigaste driftsforma. Vik verk tilhøyrande Hydro Aluminium er ein stor industrianarbeidsplass, vidare er fleire arbeidsplassar knytte til næringsmiddelin- dustrien (meieri), trevareindustri, bergverksdrift (talkutvinning) og reiseliv. I Viksøyri er det og vidaregåande skule.

Den vinterstengde riksveg 13 går mellom Vik og Voss med ferjesamband i Vangsnes med nordsida av Sognefjorden. Fylkesvegar går til dei fleste grendene i kommunen bortsett frå dei vestlegaste fjordstroka.

Ein stor del av dei utnyttbare vasskraftressursane i kommunen er utbygd. Viksvassdraget med overføringer gjev i alt 170 MW yting og utgjorde i 1987 omlag 7 prosent av den utbygde vasskrafta i fylket.

2.2 Klima

Klimatilhøva er prega av tilknytinga til Sognefjorden og ulikskapane mellom fjordområda og dei mindre dalføra er moderate. Vinteren er relativt mild, medan sommartemperaturen i dei tverrstilte og lune dal- og fjordsistema til Sognefjorden kan bli relativt høge. Vangsnes har middeltemperaturane -0.1 °C for januar og 15.5 °C for juli (Pedersen 1980). Oppover mot fjellområda vert varmeklimaet gradvis mindre gunstig med heller låge gjennomsnittstemperaturar både sommar og vinter.

Fjellmassiva i vest pressar skysystema opp i høgda med store nedbørsmengder som resultat. Årsmiddelet er her opp mot 3000 mm, men nedbørsmengdene avtek gradvis mot aust. Områda kring Fresvikbreen har relativt høg nedbør. På Vikøyri er årsnormalen kring 910 mm (Det norske meteorologiske institutt 1987). Vintrane kan tidvis vere snørike.

Vindstraumane fylgjer i hovudsak Sognefjorden, men mindre fjordarmar, dalorienteringar og fjellformasjonar kan lokalt føre til sterke vindar, gjerne kastevindar. Landskapet hellar mot sørsida av Sognefjorden, mange stadar skin sola kort tid eller er borte lange tider av vinterhalvåret.

2.3 Berggrunns- og kvartærgeologi


Samansetjinga av bergrunnen er innfløkt. Området ligg på grensa mellom dei store greisområda i vest og det store skyvedekket Jotundekket i aust, fig. 3. Mellom desse bergartsområda går ei sone med sterkt omdanna kambrosilurske bergartar som ved forvitring gjev eit mineralrikt jordsmonn. Her er eit par større talkførekomstar (Sigmond et.al. 1984). Ved Solrenningane er det påvist 4-5 meter tjukk torv. I Stølsheimen finst mange døme på jordsigformer og froststrukturar.

I tilknyting til dalsistema finst glasifluviale grusterrassar og avsetjingar, spesielt kring Vikøyri og i botnen av Arnafjorden (Klakegg et. al 1989). Marin grense i Vik er på kring 116 m o.h., best utvikla på grusterrassen ved Stadheim. Større morenesystem finst ved Vatnavatni i Stølsheimen. Morenen ved Finden i Finnavfjorden er ein karakteristisk randavsetjing. Langs dalsidene er det gjennomgåande mykje rasmark, fleire stadar naken berggrunn. Fjellområda har heller tunt lausmassedekke.

Fresvikbreen er ein liten platåbre utan større sidebrear. Utanfor breranda finst restar etter morenesystem frå den vesle istida kring 1750, breen er framleis aktiv.

2.4 Flora og vegetasjon

Vik ligg i dei naturgeografiske regionane 37 e; Vestlandets lauv- og furuskogsregion, indre fjordstrok og region 35; Søndre del av fjellkjeda (Nordiska ministerrådet 1984). Kommunen har ein flora med innslag av både oseaniske og kontinentale floraelement. Naturleg nok er det suboseaniske elementet best representert, artar som ikkje må ha ein for låg vinter temperatur eller høg sommartemperatur for å trivast.



Figur 3.

Berggrunsgeologisk kart over Sogn og Fjordane (Kvale 1980).

Skogsvegetasjonen veksler etter jordsmonn, vasstilgang, eksponering, høgd over havet og tidlegare utnytting og drift. Furu (*Pinus sylvestris*) dannar den fattigaste skogstypen på grunnlendt mark med eit feltsjiktet samansett av lite kravfulle urter og gras. Elles er blandingsskogar av nøysame lauvtre vanlegast, slike som vanleg bjørk (*Betula pubescens*), rogn (*Sorbus aucuparia*), selje (*Salix caprea*) og osp (*Populus tremula*). Ved bekker og vassig finst utformingar med gråor (*Alnus incana*) og hegg (*Prunus padus*).

På lune veksestedar med næringsrikt jordsmønns, helst i sør- og vestvendte lier, finst rikare edellauvskog med alm (*Ulmus glabra*), lind (*Tilia cordata*), ask (*Fraxinus excelsior*) og hassel (*Corylus avellana*). Spesielt stor og velutvikla er edellauvskogen langs austsida av Arnafjorden. Feltsjiktet er samansett av ei rad næringskrevjande og breiblada urter og gras som skogfaks (*Bromus benekenii*), hengjeaks (*Melica nutans*), fingerstarr (*Carex digitata*), kransmynte (*Satureja vulgaris*), vårmarihand (*Orchis mascula*) myske (*Galium odoratum*), ramslauk (*Allium ursinum*), sanikel (*Sanicula europaea*) og vårtreknapp (*Lathyrus vernus*).

Fjellbjørk (*Betula pubescens* subsp. *tortuosa*) er vanlegast i den subalpine skogen og dannar skoggrensa på kring 800-900 m o.h. Mange stadar har den intensive stølsdrifta påverka denne skoggrensa. På Vikafjellet er det fleire stadar utvikla "bordbjørker" der utformingane er påverka av snødjupn og erosjon i vinterhalvåret (Hoprekstad 1956).

På magnesiumrik serpentinerberggrunn i Stølsheimen veks spesielle artar som er tilpassa det næringsfattige jordsmonnet, fjelltjøreblom (*Lychnis alpina*), brearve (*Cerastium cerastoides*), snørarve (*Cerastium articum*) og grønburkne (*Asplenium viride*) er typiske artar her. På glimmerskifer som er lett forvitrande veks derimot mange næringskrevjande artar som gulsildre (*Saxifraga aizoides*), reinrose (*Dryas octopetala*), aurskrinneblom (*Cardaminopsis petraea*), skoresildre (*Saxifraga adscendens*), tuesildre (*Saxifraga cespitosa*), fjell-hok (*Cystopteris montana*), snømure (*Potentilla nivea*) og myrtevier (*Salix myrsinoides*), figur 4. Fleire av desse artane har få kjente veksestedar i Sogn (Hoprekstad 1956).

Lier med høgt innslag av bregnar er vanlege i fjellskogen og det lågalpine beltet. Desse frodige bregneførekomstane er favoriserte av jamn høg nedbør og stor jordråme. Vanlege storbregnar er skogburkne (*Athyrium filix-femina*), ormetelg (*Dryopteris filix-mas*), smørtelg (*Thelypteris limbosperma*) og strutseveng (*Matteuccia struthiopteris*). Innslaget av småbregnene hengjeveng (*Thelypteris phegopteris*) og fugletelg (*Gymnocarpium dryopteris*) er og jamt stort.



Figur 4.

Reinrose, gulsildre, myrtevier og snømure er næringskrevjande artar som veks i Stølsheimen (Lid 1985).

3.0 KULTURHISTORIE

3.1 Fornminne

Dei fyrste menneska i området var veidefolk som levde av jakt og fiske. Dei forma reidskap av lokal stein, både økser, hakker og grov reidskap. Veidefolka på sørsida av Sognefjorden måtte helst livberge seg av naturrikdomane i fjellet. Dei eldste funna frå denne eldste veidekulturen er gjort ved Vangsnes og Geithus (Fett 1956).

Frå bronsealderen er det gjort tre funn; ei lita øks (som mest truleg var ein amulett), ein vanleg øks, ein kopp og restar av ei krukke. To gravrøyser ved Ligtvor og Alrek stammar og frå denne perioden. Skålgroper er gamle steinristingar. Slike fornminne er det funne fleire av i Vik, dei fleste i nær tilknyting til stølkskulturen. Klimaet i stein- og bronsealderen var gunstig, men overgangen til eit kaldare klima ved overgangen til jernalderen gjorde det naudsint med fast busetjing og husdyrhald. Frå den eldre jernalderen er det gjort få funn i Vik, mykje grunna skikken med gravbrenning. Seinare tyder gravfunna på nye impulsar og samfunnsstruktur. Etterkvart er det stor auke i busetjinga med sterkt oppdyrkning der dei fleste større gardane vart rydda. Hove var tidleg ein av storgardane.

Frå Folkevandringstida og Merovingtida (kring år 400-800) vart det på ny vanleg med ubrende graver. Frå denne tida stammar mange gravhaugar med funn av både reidskap, våpen, smykke, klede og kjerald. Både stilartar og ornamentikk tyder på samkvem med utlandet.

Folkeauken var spesielt stor i vikingetida og tida vart prega av landnåm og utflytting. Fleire av gardane i Vik vart delte og familiene gjekk over frå å vere store til mindre einingar. Også frå denne tida er det gjort ei rad rike funn kringom i Vik (Fett 1956). Etter Svartedauden i 1350 gjekk talet på gardsbruk sterkt attende og folketalet vart redusert med minst to tredalar. Heile grendelag låg aude og vart først på ny teke i bruk utover 1500- og 1600-talet.


3.3 Utviklinga av Vikøyri

Sjølve Vikøyri vart først nemnd i historiske kjelder frå 1611 då det budde nokre få husmenn her. Området ved fjorden utgjorde almenning for bruksoppe i dalen som hadde trong for tilgjenge til sjøen. Sjøvegen var den viktigaste ferdelsleia og mange gardsbruk hadde naust og opplagningsplassar på øyri. Etterkvart slo fattigfolk seg ned her avdi dei vart kravde lita eller inga grunnleige. Folketalet steig gradvis, og i 1801 budde det kring 262 menneske på Vikøyri og Vetleøyri (Engesæter 1979). Fleire av desse var tradisjonelle husmenn med ein liten jordlapp og nokre husdyr.

Vikøyri hadde tidleg ein struktur med bykarakter, fleire av trekka var som i større standstadar. Den nesten ubrotne naustrekka fylgte kvar bukting i sjølinja i kring 300 m lengd mellom dei to elveutlaupa til Vikja og Hopra. I rekjer bakover, skjult av naust og buer, låg bustadane til strandsitjarane. Dei

flest handverkarane budde opp mot vegen som gjekk parallellt med strandlinja og markerte avslutninga på almenninga og tettstaden mot gardane innanfor. Krambuene til handelsmennene låg nesten samla om den andre aksen, der bygdevegen kom ned mot bryggja. På sjølve Vikøyri låg det langt inn i dette hundreåret kring 175 bygningar på det 18 mål store strandbeltet (Lindstrøm 1985). Den tette husklyngja i var fleire gonger utsett for brann, den største i 1838 (Hoprekstad 1956).

I Vik som på Vestlandet elles var klyngetuna vanlege på gardane, dei største og best utvikla miljøa låg på Seim, Hove, Bø, Hopperstad og på Holum i Framfjorden, fig 6. På Hopperstad stod det i 1850 om lag 50 einskildbygningar (Aall 1937). Husmiljøa var plasserte i terrenget med nøye omhug. Åkerjorda var svært verdifull og såleis låg tunlassen på mindre god jord. Terrengformene peika ut naturlege plassar som var trygge for ras og flaumar og som samstundes låg lagleg til med omsyn på sol og vind og hadde god tilgang på vatn (Timberlid 1988). Gjennom klyngetunet gjekk større og mindre vegar mellom dei ulike husa. Desse var ordna slik at kvar eigar hadde eit lite tilliggjande jordstykke.




Figur 5.

Bygningsmiljøet på Vikøyri har vore herja av brann fleire gonger. Dette biletet av O. P. Fosse er teke etter brannen i 1922.

SEIM

gnr. 3
1 VIK 1 SOGN.

Tunet som det var kring 1870. Rekonstruert etter fråsegn frå Anfinn A. Seim januar 1952.
(Dei husa det ikkje er sikre opplysningar om, er prikka).



Figur 6.

Klyngjetuna med mange småhus med kvar sin funksjon tett samla, var tidlegare vanlege på mange gardar i Vik. (Berg 1968).

3.4 Gamle ferdselsårer

Sognefjorden med fjordarmane var tidlegare den viktigaste ferdselsåra i midtre Sogn og batt dei ulike delane av kommunane saman. Heilt fram til 1964 låg også soknet Kvamsøy på nordsida av fjorden til Vik, medan den Vangsnes sokn låg under Balestrand.

Både vikjer og folk frå Voss hadde stølar på Vikafjellet. Her låg spesielt tre gode fjelldalar der også mykje av ferdsla gjekk mellom Vik og Myrkdalen, Vossastrand og Voss. Eit par større ferdelsårer møttest i Stølsheimen ved "Hestavollen" som etterkvart utvikla seg til å bli ein stor møte- og marknads plass. Viktige ferdelsvegar gjekk og opp frå Arnafjorden til stølane i Stølsheimen og vidare til grannebygdene nord i Hordaland. Frå Arnafjord gjekk det og "tingveg og skatteveg" over fjellet til Vik, denne fjellvegen var sikrare enn etter fjorden (Hoprekstad 1958).

3.4 Utvandring

Per Ivarson Undi med kone og to born var dei aller første utvandrarane frå Vik, og Sogn, då dei drog til Amerika i 1839 (Sunde 1989). Men alt i åra 1843-46 forlot 459 vikjer bygda, dette utgjorde 15 % av folkesetnaden. Totalt utvandra over 3000 personar til Amerika. Statistikkane viser at det var alle grupper av folk som reiste, et var ikkje berre familiar med mange unge og ugifte. Også velståande med gard og grunn i Vik la i veg. Som dei fleste andre frå Sogn busette vikjene seg i Midtvesten. Grunnen til utvandringa var mange, både overbefolking, dårlege år for jordbruket og eventyrlyst spela inn (Sunde 1989).

3.5 Freda bygningar

Vik har fleire spesielle og tradisjonsrike kyrkjebygg. Hoprekstad stavkyrkje er truleg oppført i slutten av 1100-talet. Men kyrkja vart endra mange gonger gjennom århundra, m.a. med fleire tømra tilbygg. Etter oppføring av ny kyrkje i 1860-åra vart den gamle stavkyrkja kjøpt av Riksantikvaren og restaurert under leiing av arkitekt Blix. Det meste av interiøret stammar frå mellomalderen. Bygningsdetaljane på korskiljet og baldakinen spesielle for kyrkja (Knagenhjelm 1980). Det meste av utvendig bygningsmateriale og dekorasjon er nye rekonstruksjonar.

Hove kyrkje skal vere den eldste steinkyrkja i Sogn. Hove var tidlegare ein storgard med dominerande posisjon i bygda. Kyrkja er truleg bygd der det tidlegare låg eit heidensk hov. Kyrkja er bygd opp av eitt stort avlangt og einskipa rom. Etter restaurering i 1891 fekk kyrkja eit interiør med mellomalderpreg (Knagenhjelm 1980).

Kulturminne frå tida etter reformasjonen (1537) er ikkje automatisk freda, men kan sikrast i medhald av kulturminnelova av 9. juni 1978 eller gjennom reguleringsplan. Vik kommune har ingen bygningar oppførte på Riksantikvaren si fredingsliste. Det gamle bustadmiljøet på Vikøyri er underlagt vernerestriksjonar.

4.0 PLANARBEID

4.1 Verneplanarbeid

Ingen område i Vik er i dag formelt freda etter naturvernlova. Mange område har likevel høg verneverdi. Stølsheimen og kringliggende område er foreslått som framtidig landskapsvernområde i samband med den nye landsplanen for nasjonalparkar, NOU 1986:13. Dette området har rike og interessante område for biologi og geologi. Det er også rikt på kulturhistoriske element og har stor betydning for friluftsliv. Utkast til verneplan for Stølsheimen landskapsvernområde vart utsendt til høyring sommaren 1988.

4.2 EDNA, FRIDA og kommuneplan

EDNA er eit EDB-basert register for område av naturverninteresse i fylket utarbeidd av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernnavdelinga. Registeret er ordna kommunevis og er basert på tidlegare ulike naturfaglege granskningar i områda.

For Vik kommune er det totalt opplista 27 område med spesiell naturverninteresse, flest myrområde og botanisk interessante førekommstar, men også fleire kvartærgeologiske avsetjingar. Stølsheimen og edellauvskogen på austsida av Arnafjorden har internasjonal/nasjonal verneprioritet.

FRIDA er eit tilsvarende register for friluftsområde i fylket. I Vik er det til no registrert 29 område med spesiell friluftsinteresse. Badeområda ved Ligtvør og Djupvik, og utfartsområda Finnafjorden og Vikafjellet har den høgste verneprioriteten. Stølsheimen har nasjonal og regional geografisk verdi.

Vik kommune har også utarbeidd ein kommuneplan som no er under revisjon.

4.3 SEFRAK-registrering

SEFRAK-registreringa av faste kulturminne frå før 1900 har til føremål å ta vare på kulturminner av ålmenn verdi for arbeidet med miljøbevaring og planlegging i kommunane. Denne registreringa legg liten vekt på heilsakplege miljø, dei gjev heller ingen verdivurdering av dei registrerte bygningane. I Vik er denne kulturminneregistreringa koma langt, men ikkje sluttførd.

5.0 SÆRTREKK VED LANDSKAPET I KOMMUNEN

5.1 Landskapstrekk

Landskapstrekka i Vik er mange og kontrastrike. Nord i kommunen er fjorden og fjordlinja det sentrale elementet med dei tronge sidearmane Arnafjorden og Finnafjorden. Fjella reiser seg bratt opp frå fjorden mot høgfjellet, figur 7. Berre stadvis finst flatare terreng, stort sett avgrensa til dalsistema. Dei iseroderte landskapsformene er her framtredande med bratte fjell opp frå den smale strandsoma ved fjorden. Landskapsrommet inst i den tronge Finnafjorden er særprega. Mange fossefall stuper ned desse fjellsidene, spesielt om våren i er desse framtredande. Elles er elvesistema og vasstengene i kommunen heller korte med få rolege parti.

I fjellområda er dei mange vatna karakteristiske, element som skapar variasjon i landskapsbiletet. I høgareliggjande område finst også mykje bert fjell med avrunda former. I aust ligg Fresvikbreen som ein kuppel og utgjer eit sentralt landskapselement. I området er det også fleire andre småbrear.

5.2 Kulturlandskapet

Karakteristisk for Vik er ein spreidd busetnad med mange mindre bruk langs fjordlinja. Mange av desse har framleis ikkje tilkomstveg, men er avhengig av båt. Bruka har små oppdyrka innmarksareal og mykje av næringsgrunnlaget må framleis hentast frå utmark og fjell. I Vik låg tidlegare fleire hødgegardar som t.d. Bungum i Arnafjorden, men desse er nedlagde. Likevel er fleire høgareliggjande gardsbuk framleis i drift, spesielt i Framfjorden og Indrefjorden. Desse avspeglar langvarige brukstradisjonar med innslag av mange heilskaplege miljø der både bygningsmasse, tekniske anlegg og kulturmarkstypar er i god stand. På dei mange isolerte og dels brattlendte bruka vert tradisjonelle driftsformer framleis nytta noko som også avspeglar seg i det omkringliggjande og samansette kulturlandskapet.

Framleis finst det eit stort tal styvingstre kring i heile kommunen, gjerne med størst innslag i fjordbygdene kring Arnafjorden der dei framleis vert hausta og såleis vedlikehaldne. Tre står einskildvis eller i små grupper langs gardsvegar, grensegjerde, veiter og i grensa mot sjølve utmarka. Ved Arnafjorden er det også ein stor kulturskog , eller "navskog" i utmarka med eit mangetal gamle styvingstre.

Dei tidlegare mange og rike stølsmiljøa i fjellet er forfalne, men mange stølshus er vedlikehaldne og restaurerte trass opphold i den aktive stølinga. Der skogen vart halden attende grunna vedhogst og sterkt beite, er den på ny i ferd med å etablere seg. Fjellområda er enno viktige beiteområde for husdyr gjennom sommaren, slik at i allefall dei fleste stølsvollane er trefrie og grasdominerte. Men lyng, einer og bjørk er i ferd med å etablere seg ved stadig fleire gamle stølsmiljø (Skarpen & Aastorp 1989).

Også dei mange utmarksslåtteteigane har grunna manglande bruk gradvis

grodd til med kratt og skog, eller vortne tilplanta med gran. Gamle utmarksenger i brattlendte lier har framleis eit høgt tal steinopplegg som steingardar og bakkemurar som tidlegare støtta opp engareala. Nokre av desse tidlegare slåtteengene er no viktige beiteområde, helst for sau. I beitebakkane er feltsjiktet kortklipt, grasdominert og nesten utan busker og tre. Dei best utvikla naturlege engsamfunna ligg i dag i utkanten av moderne kulturenger der gjødslinga med kunstgjødsel er avgrensa. Engene er frodigast i slutten av juni og først i juli med eit stort tal fargerike urter.

Fleire tekniske anlegg er knytte til fiske i elv og fjord. Langs fjorden var det både laksevarp og notfeste.


5.3 Utnytting av naturressursane

Kulturlandskapet i Vik har mange element og spor som viser attende på langvarig og intensiv utnytting av naturressursane. Det meste av fornybare ressursar i innmark, utmark og fjell vart nytta i næringssamanheng.

Åkrane og dei rikare slåtteteigane låg vanlegvis på den beste og flataste jorda, gjerne i nær tilknyting til busetnaden. Her vart det dyrka mest bygg og noko blandakorn, men etterkvart også ein del poteter. Poteter vart med tida svært utbreidd i Vik og denne viktige matressursen la grunnlaget for ein sterk auke i folketalet fram til midten av 1800-talet (Sunde 1989). Men også potethausten kunne slå feil. Om dette skriv presten i 1840-åra: "Potetsykdommen som begynte i 1845 ødelagte Hoperstads og Hoves Sognes eneste væsentlige Udkibningsprodukt, svækkede Vælstanden i betenklig Grad, og fremkaldte Mismod hos Bonden, som hverken havde Energi eller Indsigt til at benytte sine Agre paa en anden Maade, som kunde give erstatning for det tapte Product".


Gamal overtru og tradisjonar var ofte til hinder for eit effektivt jordbruk. Forfedrane hadde slått fast kva som skulle vere mark og åker. Berre åkeren skulle gjødsla, enga gav alltid nok utan gjødsling. Berre nokre få gardar hadde plog (Seim 1956). Den store teigblandinga var og ei hindring for framgang i jordbruket.

Eit utal slåtteteigar låg i utmarka, gjerne heilt til fjells. Ei rad stadnamn viser attende på desse teigane, slike som t.d. Røysaslettao, Røysaslaotthidleren og Storeslettao i Seljedalen. Dette dalføret var spesielt rikt på slåtteteigar, og slåttekarane kunne gå langt og gjennom farleg terreng for å nå fram til sin teig. Alt forgras vart slått og frakta til trohesja på sloar (primitive sledar), som ryggbører eller i store kvinnforklede (Pridlao 1/1990). Teigane hadde ulike nemningar etter bruken. Stuttorvsletter var slåttemark som berre kunne slåast med stuttorv, vanlegvis der det var bratt og vanskeleg framkommeleg. Skrapeslått var gras frå u gjødsla eng, også frå skrinne område. Hesjagard var eit inngjerda stykke slåttemark (Pridlao 1/1990). Turrhøyet frå desse teigane vart svært sjeldan sett i stakk, men lagra i eigne løer elle under hellerar til ut på hausten og vinteren. Etterkvart letta ei rad løypestrenger arbeidet med å transportere for frå utmarka.



Figur 7.

Fjella reiser seg bratt opp frå Arnafjorden. Høgt oppe i lia ligg den no fråflytta hyllegarden Bungum (typeområde nr. 8).



Figur 8.

Styvingstre er vanlege kringom i Vik. Trea står både i utmarka, langs grensegjerde, ved åkerholmar, veiter og elvar og jamvel på innmarka.

Lauv har til alle tider utgjort ein viktig forressurs i Vik og det er ikkje utan grunn at lauvkniven, eller snidilen, prydar det nye kommunevåpenet. Spesielt vart edlare lauvteslag som alm, ask og lind nytta til dette føremålet. Men også treslag som bjørk, gråor og selje var gode fortre. Trea stod overalt, både i utmarka, langs grensegjerde, åkerholmar, veiter og elvar og også på innmarka, figur 8. Eit stort tal tre vart jamvel planta kringom på innmarksareala. Men lauvhausten kunne og vere usikker, jamfør fylgjande utsegn frå 1866: "Een Sykdom hvoraf Trærne de senere Aar har lidt på de fleste Stæder, til Skade for Jordbrugerne som overalt bruger Løvet af de fleste Slags til Kreaturfoder, ikke har kunnet benyddes, da store Skovstrekninger ere blevne bladløse allerede ved Midtsommerstider". Almebork vart også mykje nytta til å dryge matmjøl med i naudsår, men også til å blande saman med flatbrøddeig. Til grisemat vart almebork nytta heilt inn i dette hundreåret.

På meir næringsfattig jord er hagemark med oppslag av bjørk og einer vanleg. Bjørkene vart styva, lokalt kalla naving, og hagemarkene kunne strekkje seg opp til skoggrensa. Kvar bonde hadde mange teigar der han kunne hogga kvart 6-8 år. I bygdeboka for Vik står det fylgjande om lauvingsonna (Hoprekstad 1956): "Lauvingsarbeidet var eit retteleg ork, men det høyarde til styren og måtte gjerast, helst i august månad. Husbonden og matmori måtte bu alt vel til på førehand. Øksar og snidlar måtte slipast og brynast, klebunad og sko setjast i stand, for fjellet og lauvingi sleit hardt på dei. Matmori laut laga mat for fleire dagar, mat som det var lett å bera, t.d. røykjesild, kjøt og flesk.

Etter fast vis arbeidde mann og kvinne i hop, var lauva-par. Mannen hogg og snidla sund, kvenna batt kjervar og hengde upp. Kvart hogstpar skulle etter gamalt ha 3 store hundrad for dagen. (Eitt stort hundrad er 6 tjug, til saman 120 kjerver). Skulle dei nå å lauva så mange for dagen måtte det vera bra skog og godt ver. Var det lageleg ver turka lauet mellom 14 dagar og tre veker. Då måtte dei stekkja lauet på ein turr og lagleg stad, og kjervane måtte leggjast med hall frå midten og ut, elles kunne stakken ta inn vatn og lauet mygla eller rotna. I ein lauvstakk kunne det vera 10 storhundrad med kjerv eller meir. Dei kørde lauv og stølshøy heim på sloar når det vart godt sledaføre om vinteren".

Bjørk er også eit framifrå virke til kørerereiskap, møblar, skaft og ymse kjeradl. Ofte vart bjørkerøtene også nytta til slikt. Bjørk, saman med gråor, vart og hogge til brennved. Spesielt langs strandene og fjordane i vestlege delar av kommunen vart det hogge mykje ved. Svært mange jektelaster gjekk til Bergen. Kring 1900 vart det årleg utskipa rundt 500 mål ved (Seim 1956).

Rettvaksne einerar, eller sprakar, vart oppstamma og nytta til hesjastaur, gjerdestolpar og merkestikker. Elles står det og i bygdaboka for Vik: "Når husbonden skulle bryggja til jul, so måtte han ha sprake, og skulle husmori få rette dåmen i kjeradl og stokkar, so måtte ho ha sprakelog. Hakka sprake laut det vera ute for døri og innover golvet jolafta på same måte som det vert strødd frå stovedøri og ut etter vegen ein gravferdsdag." (Seim 1956). Einer vart og mykje nytta som "garvond", tilfang som det vart laga risverkgjerde av.

Ulike lauvtreslag hadde kvart sitt bruksområde. Gråor vart lauva som skotskog

ved at unge stamme- og rotskot vart hogge av ved basis. Gråor vart også nytta til gjerde og hesjestaur. Lange og seige hasselgreiner vart nytta til tønneband. Hasselrunningar på 4-5 år var mest høvelege til dette føremålet. Rundt 1900 vart det i Vik hogge og spikka tusenvis av buntar med slike tønneband til Bergen. Ei tid laga dei også minekrut av hassel til sprenging av kol (Nese 1956).

Lind vart mest nytta til bastetog, borken vart flekt av i lange, reimer, bunta saman og lagt i sjøen eit par månader. Etter det vart teke opp att, låg borken til turk og vart så delt i lange fine bastremser som karane spann saman til tog og snøre. Ein god del av bastetoga vart utskipa til Bergen. Selje vart og nytta til for og brennved. Virke frå selje var og mykje nytta til kjeralf og reidskap då veden ikkje sette smak. Seljewirke var også lett å skjere i og såleis mykje nytta til utskjeringar og ornamentikk. Osp utgjorde eigna baksteved. Denne veden var laus og lett å regulere steiketemperaturen med. Ein god del ved vart og sanka langs strendene, spesielt etter flaumar var det mykje rekved.

Ein del bygningsmateriale kom frå tømmerskogar i Fresvik-regionen og i Kvamsøy. Lensmannen skriv i 1865 om dette: "Ald almuen udi Kvamsøe skibrede har hver noget tømmerskov, som kan bruges til hustømmer, sperrer eller andet bygningstømmer". Ved fleire vassdrag låg det mindre sager som skar tømmeret. Mykje skog har vakse til sidan dei fyrste granplantingane i Arnafjord i 1895. Det er og utplanta ein del lerk, bøk og eik. Materiale frå planta skog har etterkvart vore nytta i mange store nybygg.

Lensmannen skriv vidare i 1865 m.a.: "Dyrking af Liin, Hamp eller humle existerer ikke, ei heller ikke Havrevexter naar undtages hos de konditionerte Familier og her blot til eget behov. Frugtrær findes paa mange Garde, men på de fleste synes Trærne at være foreldete og lidet omskjøttede". Elles er det alt i 1201 nemnt i Sverre-soga om ein "aldinhagi", eller frukthage i Vik (Brekke & Laberg 1954). Det er og gjort forsøk på tobakksdyrking i fjordbygdene i Vik med godt resultat.

Vik har lite dyrkbart areal som stort sett er konsentrert kring ei smal sone ved sjøen og dalbotnen. Heile 80% av landarealet ligg over 600 m (Timberlid 1986). Fehaldet var den viktigaste produksjonen i landbruket. I 1850-åra høyrde dette distriktet til dei som hadde høgast husdyrtal pr. bruk. Beiteområda stod for det meste av årsforet saman med for frå utmarksslåttar og lauving.

Eit dominerande trekk i fehaldet i tidlegare tider var svelteforinga. Livdyr som ikkje gav avdrått fekk dei därlegaste forprodukta. Dei fekk ikkje høy, men måtte nøye seg med halm samanblanda med blæretang, rakelauv, ris, skav og mose. Det vart til og med nytta kokt hestamøk til kyrafor mellom 1830 og 1840 (Seim 1956).

Stølsdrifta var særsviktig for husdyrhaldet og dei store fjellområda utgjorde eit viktig beiteområde. Oppgåver frå 1891 viser at alle gardane i Vik hadde støl, og vel 90 % hadde sommarstøl. Jamt over støla dei til saman 110 dagar i året. Mest halvparten av mjølka vart tilverka der (Sunde 1989). Viktig for plasseringa av stølsmiljøa var avsmeltingstilhøva av snøen slik at vekstsesongen kunne bli

lengst mogeleg. Låg stølane for høgt, ville dette føre til seinare slepp med auka belastning på innmarka og den nærliggjande utmarka (Timberlid 1986).

Stølane låg ofte i dalføre langt inne på fjellet, gjerne på sørsida av vasskiljet. Transportvegane til gardsbruken vart såleis lange. Oftast var stølshusa samla i mindre grender der fleire gardsbruk hadde stølane sine (Tyssen 1985). Store omskifte i stølsdrifta tok til kring år 1900 med etablering av meieri i Vik. Samstundes vart arbeidshjelpa dyrare. Gradvis vart vinteravdråtten viktigare enn produkta frå stølen.


Stølen låg alltid lunt til og trygg for snø-, stein- og jordras. Bygningsmaterialet var avhengig av lokaliseringa. Dei aller fleste stølane over tregrensa vart hovudsakleg oppførte i stein, steinmurar og store steinheller. Under tregrensa var tømmer og tre det vanlegaste byggjevirket. Så godt som alle stølshusa har åstak (Fylkeskonservatoren i Hordaland 1979). Torv var tidlegare det vanlegaste taktekkingsmaterialet. Etterkvart vart dette erstatta med bølgjeblikk.

Stadnamna knytte til utmarks- og stølsdrift er mange, berre i Vik er det registrert over 400 stølsnamn (Bergfjord 1989). Namna fell inn i tre store grupper. Namn som endar på -støl og -set utgjer dei største gruppene, den siste er naturnamn som karakteriserer landskapet på staden.

Nokre stadar vart det i tillegg til husdyrbeitina også slått på stølsvier. Slått av myrområde førekomm også. Foredling av mjølka, spesielt ystinga, kravde ein stor trøng for brennved. Treslag som bjørk, furu, einer og til og med vier vart nytta. I snaufjellet vart det skore store mengder brenntorv i myrane. Men torva kunne og ha andre bruksområde som fylgjande avisnotis tyder på (Pridlao 1989): "Jordbrukslaget har nemlig længe hat under overveielse at sætte igang tilvirking av torvstrø for salg om der kunde findes dertil tjenlig torv paa et sted, hvorfra transporten ikke vilde bli for møisommelig og dyr. Man har da nærmest hat myrene paa Seimsfjeldet i kikkerten, idet man herfra i tilfelde kunde transportere torven ned i bygden paa løipestreng".

6.0 TYPEOMRÅDA


Her fylgjer ei oversikt over 16 typeområde for tradisjonelle kulturlandskap i Vik kommune. Figur 9 viser lokaliseringa til dei ulike typeområda. Områda er utvalgte frå ei meir omfattande registrering basert både på vegetasjonshistoriske, økologiske og kulturhistoriske verdiar. Registreringane og utvalet av konkrete lokalitetar innan kommunen kan stadvis vere ufullstendig sjølv om dei viktigaste kulturmarkstypene og mest interessante kulturlandskapsmiljøa er omtala. For områda er det skissert enkle skjøtselstiltak. Ved vidare arbeid med typeområda bør meir omfattande skjøtselsplanar utarbeidast.



Figur 9.

Lokalisering av dei 16 registrerte typeområda i Vik kommune.

1. FINNABOTN



Figur 10.
Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 01: Finnabotn

Kulturmarkstype: Heilskapleg kulturlandskap

Lokalisering og areal

Finnabotn ligg ved enden Finnafjorden, figur 10. Tunet ligg på ei lita terrasseflate rundt 20 m.o.h. Området er lettast tilgjengeleg med småbåt frå nordsida av Sognefjorden eller frå fylkesvegen mellom Vik og Arnafjord. Garden har dessutan tilkomst ved stiar over fjellet med lettast overgang frå Arnafjorden.

Området er dekka av kartbladet 1317-III, Balestrand i serien M 711 og av dei økonomiske kartblada AP-071-5-2 og AP-071-5-4.

Sentrale landskapselement ved fjorden femner om rundt 20 da. Innmarksengene sør-vest for tunet, hagemarka og areala kring heimestølen kjem i tillegg.

Historie

Finnabotn er nemnd i historiske skrifter frå 1655. Garden utgjorde eitt bruk fram til 1886 då den vart delt i to. Det siste bruket vart drive fram til 1967 etter tradisjonelt bruksmønster med kyr og sau. Geitehaldet vart avvikla nokre år tidlegare.

Drifta kravde intensiv utnytting av heile naturgrunnlaget. Jordbrukslandet var delt i mange teigar. Forutan innmarksareala vart og arronderte lundar i utmarka slått. Gras vart frakta heim i bører eller i båt og så hesja. Oppføring av løypestreng letta litt på transporten. Grunna steinlendt areal vart stuttovt mest nytta til slått.

Kringom låg også mange åkrar der det vart dyrka både korn, mest bygg, og poteter. Kvar åkerlapp hadde namn slike som Almaåkeren, Lindåkeren, Nauståkeren, Eldhusåkeren og Storeåkeren etter lokaliseringa.

På garden i Finnabotnen var det både kyr, geit, sau og hest. Desse beita inst i botnen haust og vår. Kyrne vart sendt til fjells etter den første veka i juni, sauene den neste veka, og til slutt budeia like før jonsok. Utmarka var også viktig beiteområde for geiter, sau og storfe. Fjellområdet var viktig både med omsyn på beite, jakt og fiske. Naustmiljøet ved fjorden vitnar om bruk av fjorden både til samferdsle og fiske.

Mange mektige almestuvar vitnar om lange tradisjonar med rising og lauv sank. Ris, skav og lauv utgjorde eit viktig fortilskot fram til etter den andre verdskriegen, men avtok sterkt mot 1960-åra. Då sevja i almen gjekk i midten av april, vart dei fleste større almane i Finnabotnen risa og skava. Almebork vart i dårlege tider også nytta i bakverk. Hassel vart nytta til tønneband og bork frå lind til bastetog. Skav frå rogn kunne utgjere naudfor om vinteren. Det vart og

hogge ein del ved i skogen, noko av veden vart sendt med jekter til Bergen.


På husmannsplassen Flåten stod tidlegare både stovehus, fjøs, løe og stabbur, fig. 11. Innmarksareala var avgrensa, det meste av foret måtte hentast frå utmarka. På plassen hadde dei 2 kyr, 10 sauер og kring 20 geiter. Sal av geitost utgjorde den største inntekta.

Finnabotn vart fråflytta grunna særer dårlege og usikre kommunikasjonar vinterstid. Spesielle istilhøve i det inste fjordpartiet gjer ferdsel med småbåt vanskeleg. Om vinteren er også ferdsla langs stranda og over fjellet vanskeleg og farleg.

Etter fråflytinga har eigarane budd her i periodar om sommaren og hausten, dels i samband med utøving av hjortejakt. Jaktrettane har vanlegvis vore bortleigde til jakttag i 5-års bolkar.

Bygningsmiljøet, vesentleg frå 1800-talet, er i dag i heller dårleg stand. Våningshus, driftsbygning, vårfjøs, heimestøl, naust og murane etter husmannsplassen ligg nokonlunde samla i fjordbotnen. Tidlegare låg her også stabbur, vedhus, kvern og turke.

Garden i Finnabotn er no godt som ute av bruk. Engene vert beita av småfe,



Figur 11.

Teikninga av husmannsplassen Flåten viser både bygningsmiljø, trohesjar, inngjerda eplehage og ein oppbygd potetåker.

vesentleg geit frå nabobrukет Finden som ligg noko ut i fjorden og som enno har fast busetnad.

Skildring av området

Sidan fråflyttinga i 1967 har kulturlandskapet gradvis endra seg. Åkrane har grodd til med urter og gras, vesentleg nitrofile artar som bringebær og nesle. Innmarksareala har framleis ein samansetnad av tradisjonelle engvekstrar, men vert gradvis kolonisert av busker og tre.

Slåtteenger utanfor innmarka har gjennomgåande skrint og vass-gjennomtrengeleg jordmonn. Samfunna her er meir stabile med omsyn til attgroing og framstår framleis lysopne og urterike. Vanlege artar i engene er gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), engkvein (*Agrostis capillaris*), engrapp (*Poa pratensis*), ryllik (*Achillea millefolium*), gulmaure (*Galium verum*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*) og tepperot (*Potentilla erecta*). Stadvis er også botnsjiktet velutvikla, helst med engkransmose (*Rhytidiodelphus squarrosus*). Mindre engsamfunn i utmarka er derimot overgrodde med ungskog, vesentleg av hengjebjørk, (*Betula pendula*).

Utnarka har ein frodig vegetasjon med lauvblandingsskog. På næringsrik grunn er det innslag av alm (*Ulmus glabra*), lind (*Tilia cordata*), ask (*Fraxinus excelsior*) og sommareik (*Quercus robur*).



Figur 12.

I Finnabotn finst framleis varierte kulturlandskapselement som viser attende på den tidlegare intensive aktiviteten i området. Lauv frå styvingstre utgjorde ein viktig forressurs.

Gamle styvingstre spesielt av alm står i mindre grupper, eller helst som enkelttre spreidde i heile hagemarka og i slåtteenger. Mange har etterkvart utvikla eit omfangsrikt greinverk og gjennomgår ein rask aldringsprosess. Slike tre er utsette for rotvelt. Styvingstrea tapar i konkurransen med yngre og frisk skog spesielt når det gjeld lys og næring. Tidlegare var det vanleg å beite eller rydde skogen for kratt for å gje gode tilhøve både for forte og grassjikt.

Gamle jordvegar er i dag tilgrodde med lauvkratt. Også tekniske anlegg som bakkemurar, steingardar og rydningsrøyser er skjult og dels overvaksne med kratt. Også beite- og slåttevollane ved heimestølen har grodd til med nesle (*Urtica dioica*) og tistelartar, særleg krusetistel (*Carduus crispus*).

Skjøtsel

Omfattande tiltak må gjennomførast for å attskape det opprinnelege kulturlandskapet i Finnabotn. Husa er etterkvart i dårlig stand, men eigaren har teke konsekvensane av dette og er i gang med reperasjon og vedlikehald av bygningsmiljøet.

Eventuell framtidig restaurering av landskapet må konsentrerast og igangsettjast på areala nord og vest for tunet. Dette er naudsynt både for å fange opp flest moglege element og for å oppretthalde heilskapen i området.

Innmarksengene som enno har tilhald av mange av dei opprinnelege næringskrevjande urtene og grasa, bør slåast årleg for å hindre attgroing og ein vidare endring av vegetasjonssamansetnaden. Det same gjeld turrengene og dei tidlegare slåtteengene i hellinga bak tunet og gamle slåtteteigar vest for utlaupet av Botnaelvi.

Eit utval av dei mest velhaldne gamle almetrea må attendeskjerast mot gamle merke etter styving. Desse må sidan jamnleg stellast og tilskjerast. Restaurering av 15-20 einskildtre er naudsynleg for å få samanheng og dimensjon over styvingstrea som dei viktige, landskapslementa dei eingong var.

Dei noko meir tilgrodde utmarksengene bør opnast for å auke lystilgangen til feltsjiktet. Eit utval av bjørketre bør bli ståande og tilskjerast i tråd med gamle lauvingstradisjonar.

Med jamn beitegang kan desse areala med tida utvikle seg mot grasdominerte bjørkehagar. Sentrale ferdelsvegar må ryddast og utbetrast, m.a. med ny klopp over Botnaelvi. Stien mot heimestølen Botnastølen bør vere godt farbar for å vise kor viktig og naudsynleg utmarka og fjellet var for gardsdrifta. Overgrodde anlegg som steingardar, gamle murar, rydningsrøyser og eventuelle vatningsveiter må fristillast for kratt og tre.

Restaureriangstiltaka er omfattande og krev heller stor økonomisk og arbeidsmessig innsats. Betydlege midlar kan sparast ved organisering av dugnadsarbeid. Framtidig skjøtsel i Finnabotn er og i stor grad avhengig av driftsstrukturen. Med aktiv drift inngår mange skjøtselsformer i det naturlege onnearbeidet, i alle fall der moderne reidskap som td. motorslåmaskin kan

nyttast. Den rundt 3 mål store granplantinga har etter kvart utvikla hogstmogne tre og kan gradvis avvirkast.


Heile Finnabotn ligg innanfor grensene til det føreslalte Stølsheimen landskapsvernområde. Vernestatus vil medføre visse restriksjonar på større inngrep i området. Restaurering og skjøtsel av miljøet i dalbotnen let seg truleg lett innarbeide i eit landskapsvernområde.

Verdivurdering

Finnabotn representerer eit totalmiljø med bygningsanlegg som naust, heimes-tøl, fjellstøl og husmannsplassar. Vidare finst tekniske anlegg som terrassar, rydningsrøyser, steingardar og veganlegg og kulturmarkstypar med hagemark, stivingstre, inn- og utmarksenger. Området er lite påverka av nye tekniske inngrep bortsett frå eit mindre plantefelt med gran. Finnabotn er lokalisert i eit typisk vest-norsk landskap med nær tilknyting både til fjord og fjell. Gardsstrukturen er nøye tilpassa dei kringliggjande naturelementa.

Miljøet har høg eigenverdi. Denne spesielle fjordgarden har stor verdi i samband med rekreasjon og friluftsliv, og kan med føremun nyttast i samband med reiseliv.

2. ALREK



Figur 13.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000).

Typeområde 02: Alrek

Kulturmarkstype: Støl

Lokalisering og areal

Alrekstølen ligg vest i Stølsheimen, like ved grensa til Høyanger kommune og Hordaland, figur 13. Stølen ligg på ein liten terskel i eit opnare dalføre kring 2 km nord for Solrenningsvatnet. Det er ikkje framført veg til dette fjellområdet. Gangtida frå Arnafjord er kring 4-5 timer. Tilkomsten er noko lettare frå sør.

Stølsområdet er vanskeleg å arealfeste. Det er dekka av kartbladet 1218-I i serien M711 og av økonomisk kartblad AP-070-1..

Historie

Alrekstølen vart nytta av gardane Vetlesand og Alrek i Ortnevik og drifta i dette fjellområdet har svært lange tradisjonar og var utbreidd allereie i mellomalderen. Stølane med dei store beiteområda sytte for ein stor del av inntekta til gardane.

Stølssesongen på Alrek varte frå tidleg i juli til ut i september, den lengste sesongen varte fram til 28 september. På stølen var det kring 80 geiter og 12-15 kyr. I tillegg var det også ein del sau, men desse trond lite ettersyn.

Det var tilsaman tre budeier som støla her. Dei var sjeldan heime i bygda i sommar-halvåret. Folk frå bygda henta meieriprodukt og kom med forsyningar frå bygda ein gong i veka. Arbeidsdagane til budeiene kunne starte alt i halv fem tida om morgonen og varte heilt fram til over midnatt.

Intens vedhogst saman med sterkt beiting har ført til hard beskatning på skogen rundt Alrekstølen. Ved til brensel vart henta i liene ved Solrenningsvatnet og kløvja til stølen med hest. Det har ikkje vore slått på stølen, då det var altfor langt å kløvje foret ned til byda. Berre litt gras vart slått til bruk som sengehalm.

Den tradisjonelle stølsdrifta på Alrek tok slutt kring siste krig. Sidan har området berre utgjort sporadisk beiteland for sau og stølen nytta til overnatting i samband med rekreasjon. Det tilliggjande fjellområdet er etterkvart noko endra som fylgje av kraftutbygging, m.a. med oppdemming av Solrenningsvatnet.


Skildring av området

Ein bekk renn ned i elva på kvar side av stølsvollen. Terrenget er noko kupert. Grunnen i området er bygd opp av morenemateriale med vekslande djupn av lausmassane. Spreidd i området stikk naken berggrunn fram i dagen. Sjølve stølen ligg på ein avsetning av finare lausmassar.

Det hører i dag 7 stølshus til Alrekstølen, figur 14. Alle er bygde i stein og har åstak (Fylkeskonservatoren i Hordaland 1979). Sela har oftest innsel og skot. Den store fjøsbygningen gjev stølen eit sær preg. Fleire av stølshusa på Alrek er restaurerte, dei fleste har og skifta ut bølgjeblekketaket med tradisjonelt torvtak. Tufter etter eldre stølshus kan og sjåast. Eit spesielt anlegg er ein kanal som er graven ut for å sikre vassforsyninga. Vassveita går frå den eine fjellbekken, over stølsvollen og like forbi seldørane.

Vegetasjonen på Alrekstølen er gjennomgåande nøy sam og ber framleis preg av den tidlegare intensive drifta. Området er fritt for tre trass i at det ligg noko under skoggrensa. Nordvest for stølsvollen er vegetasjonen dominert av felt med lyng og dvergbjørk med små myrflater innimellom.

Feltsjiktet på sjølve stølsvollen er artsfattig og grasdominert av engkvein (*Agrostis capillaris*), gulaks (*Agrostis capillaris*), tunrapp (*Poa annua*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) og ein del engsyre (*Rumex acetosa*). Engsamfunna utanfor stølsvollen er noko artsrikare med innslag av finnskjegg (*Nardus stricta*), smyle (*Deschampsia flexuosa*), sotstarr (*Carex atrofusca*), trådsiv (*Juncus filiformis*) og skrubbær (*Cornus suecica*). Oppslag av nesle (*Urtica dioica*) viser attende på det næringskrevjande elementet som ofte finst i slike område gjødsla av husdyr.



Figur 14.

Fleire av stølsbygningane på Alrek-stølen er restaurerte med stadeigne bygningsmaterial. Foto: Skarpen & Aastorp.

Utanfor stølsvollen er eit vegetasjonsbelte dominert av tradisjonelle lyngartar som blåbær (*Vaccinium myrtillus*), krekling (*Empetrum hermafroditum*), blokkebær (*Vaccinium uliginosum*), tytebær (*Vaccinium vitis-idaea*) og kvitlyng (*Andromeda polifolia*). Andre artar er smyle (*Deschampsia flexuosa*), finnskjegg (*Nardus stricta*), molte (*Rubus chamaemorus*) og ullbakkestjerne (*Erigeron eriocephalus*). Fuktigare myrparti er dominerte av flaskestarr (*Carex rostrata*), med innslag av duskull (*Eriophorum angustifolium*) og sølvvier (*Salix glauca*).

Skjøtsel

Bygningsmassen på Alrekstølen er etterkvert sett i stand etter ein restaureringsplan der ein tek sikte på attskape eit tidshistorisk korrekt eksteriør på stølshusa. Steinmurar og torvtak er som før dei vanlegaste byggjemateriala. Ved vedlikehald bør tradisjonelle materiale føretrekkjast framfor nye om dei er tilnærma like funksjonelle.


Det er og viktig at vegetasjonen på og omkring stølsvollen er dominert av lågvaksne, eller nedbeita artar, slik at den får eit ope preg. Beiteaktivitet formar eit grasdominert feltsjikt og held busker og tre unna.

Verdivurdering

Alrek ligg i eit grøderikt fjellområde med lange tradisjonar med utmarksdrift. Området har jamvel fått namn etter dei mange stølane. Bygningsmassen er etterkvert restaurert i dette særprega fjellandskapet.

Fleire merkte turstiar kryssar forbi Alrekstølen som er eit knutepunkt for den store ferdsla i fjellområdet. Området har såleis spesiell verdi for rekreasjon og friluftsliv, men utgjer og eit referanseområde for den tradisjonelle næringsverksemda i fjellområdet.

3. ENGUM



Figur 15.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde: Engum

Kulturmarkstype: Lund

Lokalisering og areal

Engum er lokalisert like vest for tettastaden Arnafjord, figur 15. Hagemarka ligg i ei lita helling og grensar til oppdyrka innmarsarealet. Ein traktorveg frå fylkesvegen til Arnafjord fører heilt inn til området.

Den inngjerda hagemarka har eit areal på kring 4 dekar. Den er dekka av kartbladet 1317 III-Balestrand i serien M711 og av økonomisk kartverk AQ-070-2.

Historie

Grenda Nese i Arnafjord har lange tradisjonar med busetjing og jordbruk. Mykje av det gamle busetjingsmønsteret vart endra etter eit stort jordskred i 1811 der kring 50 menneske frå grenda omkom. Dette skredet gjekk der hagemarka ligg i dag.

Hagemarka vart tidlegare slått og graset hesja i trohesjar. Her er utplanta mange styvingstre av ulike treslag som framleis vert lauva. Dei siste åra er det lauva kring 400 kjerver i området. No utgjer den tidlegare lunden beite for to hestar, på ettersommaren beite også for nokre kyr og kalvar. Lunden vert gjødsla med naturgjødsel.

Skildring av området

Hagemarka er delvis overflaterydda, men større steinar og blokker ligg framleis spreidde i heile området. Stadvis stikk også nakne berg og småknausar fram i dagen. Det organiske jordsmonnet er gjennomgåande godt utvikla. Ein større bekk går gjennom området og syter for jamn tilførsel av råme til grunnen.

Dei mange vedlikeheldne styvingstra av ulike slag er karakteristiske, fig. 16. Ask (*Fraxinus excelsior*) er det vanlegaste treslaget. Stuvane er heller låge, kring 2 meter. Trea har helst få forgriningar med 3-4 korte sidegreiner samla i toppen. Dei fleste styvingstrea står langs bekkefaret. Almane (*Ulmus glabra*) er høgre og forgreina av kraftig stammeverk. Trestammene har tett mosevekst.

I lunden står fleire bjørketre (*Betula pendula*) med heller kraftig attendeskjering. Hovudstamma greinar seg ut i toppen med ei mengd sidegreiningar av yngre livkvistar. I området er det også stubbar og småskot av gråor (*Alnus incana*) som viser attende på stubbelauving, eller tidlegare skotskog. I utkanten av lunden er det også tilfeldige plantingar av gran (*Picea abies*).

Feltsjiktet er prega av beiting og gjødsling. Artssamansetnaden vekslar etter jordsmonnstilhøve og råmetilgang, men er dominert av gras, slike som



Figur 16.

Hagemarka ved Engum er halden i hevd gjennom slått, beiting og lauv sank. Styvingstre er forma av ulike treslag der kvar art har sin spesielle haustingsteknikk.

sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), hundegras (*Dactylis glomerata*), engrapp (*Poa pratensis*), tunrapp (*Poa annua*), raudsvingel (*Festuca rubra*) og gulaks (*Anthoxanthum odoratum*). Vanlege urter er engsoleie (*Ranunculus acris*), krypsoleie (*Ranunculus repens*), engsyre (*Rumex acetosa*), smalkjempe (*Plantago lanceolata*), raud jonsokblom (*Silene dioica*), vanleg arve (*Cerastium fontanum*), fuglevikke (*Vicia cracca*), raudkløver (*Trifolium pratense*), engmari-kåpe (*Alchemilla vulgaris*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*) og tepperot (*Potentilla erecta*). Innslag av arter som løvetann (*Taraxacum vulgaria*), høymole (*Rumex longifolius*), nesle (*Urtica dioica*) og revebjølle (*Digitalis purpurea*) kan knytast til kulturpåverknaden. Større bestand av stemorsblomst (*Viola tricolor*) utgjer nokre stadar fargerike innslag i floraen.


Skjøtsel

Heile området er utnytta på tradisjonelt vis, både feltsjiktet og tresjiktet vert framleis brukt i forsamanheng. Framhald i denne bruken er den aller beste skjøtselsforma. Slått av feltsjiktet var tidlegare vanleg og kan i framtida gjerne utførast innan området. Gjødsling med naturgjødsel som i dag, er å føretrekkje framfor kunstgjødsel.

Verdivurdering

Lunden på Engum utgjer ein svært velstelt og kulturhistorisk korrekt kulturmarkstype med stor eigenverdi. Den er oppretthalden gjennom ulike tradisjonelle driftsformer og samansett av styvingstre av ulike treslag.. Spesielt utgjer området eit viktig referanseområde for lauvsankingsprosessar. Området har også pedagogisk verdi.

4. MORKI



Figur 17.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 04: Morki

Kulturmarkstype: Bjørkehage

Lokalisering og areal

Bjørkehagen ligg i Indrefjorden i lia mellom Morki og Nese, figur 17. Den strekkjer seg langs heile fjellsida, men den beste utforminga ligg mellom fylkesvegen til Arnafjord og sjølve fjorden.

Kjerneområdet utgjer kring 30 dekar. Området er dekka av kartblada 1317 III-Balestrand og økonomisk kartverk AQ-070-2.

Historie

Bjørkehagen har utgjort ein kombinert lauvings- og beitehage. Bjørkene vart lauva med jamne mellomrom, vanlegvis kring kvart 5-6 år. Det føreligg ikkje verdiar på kor mykje lauv bøndene tok ut frå området. Lauvkjervene vart turka og stabla i store stakkar, lauvrauk, på eigna stadar og lagra her utover vinteren. Det har ikkje vore lauva i hagen dei siste tiåra. Store delar av den tidlegare bjørkehagen er no tilplanta med gran, spesielt i lia over fylkesvegen. Dei mange mektige bjørkene er ringbarka i granplantefeltet og dei daude trea er etterkvart rotna og falle over ende.

Einskilde stadar i hagen er det mindre ryddaenger som tidlegare vart slått. Jamnleg avkapping av greinverket på bjørkene gjorde at lystilgangen til feltsjiktet vart god med rimeleg grasproduksjon på engene. I dag vert desse engsamfunna berre nytta som beiteområde for sau.

Skildring av området

Naken berggrunn og ur er dominerande i lia og lausmassedekket er usamanhengjande og gjennomgåande tunt. Bergframspring er gjerne rikt på mosar og lav. Det meste av organisk materiale finst på mindre flater og skorer som samlar opp ein del sigevatn som renn langs svaberga.

Dei aller fleste bjørkene ber merkje etter styving. Trea varierer ein god del i storleik, men er gjennomgåande omfangsrike, figur 18. Spesielt er frittståande tre mektige. Dette kan skuldast eit gunstig lokalklima med relativt høge sommarstemperaturar. Styvingsbjørkene innan kjerneområdet er i relativt god stand, rotvelt og greinbrekk førekjem berre unntaksvis. Her står også stuvar av andre lauvtre, vanlegast av alm (*Ulmus glabra*) og ask (*Fraxinus excelsior*).

På den næringsfattige grunnen er vegetasjonen stort sett bygd opp av nøysame urter og gras, gjennomgåande artar er gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), hårfrytle (*Luzula pilosa*), tepperot (*Potentilla erecta*), ryllik (*Achillea millefolium*), tveskjeggveronika (*Veronica chamaedrys*), kvitkløver (*Trifolium*

repens), jonsokkoll (*Ajuga pyramidalis*) og jordbær (*Fragaria vesca*).

Einskilde engflater er opparbeidde i bjørkehagen, den største er avgrensa av ein steingard. Desse engsamfunna på organiske avsetjingar har eit friskare feltsjikt med artar som sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), engkvein (*Agrostis capillaris*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), tunrapp (*Poa annua*), engrapp (*Poa pratensis*), engkarse (*Cardamine pratensis*), engsyre (*Rumex acetosa*) og engsoleie (*Ranunculus acris*).

Hagemarka er fleire stadar i ferd med å gro til med busker og tre. Oppslag av einstape (*Pteridium aquilinum*), nyprose (*Rosa canina*) og einer (*Juniperus communis*) viser attende på forfall og attgroing. Eineren er oftast buskforma utan teikn på oppstamming eller annan kultivering. Stadvis er det også tette samlingar av osp (*Populus tremula*).

Skjøtsel

Fattige bjørkehagar er heller stabile vegetasjonssamfunn, men bjørkehagen er i ferd med å gro til. Krattet må ryddast bort og dei store bjørketrea fristillast. Gamle styva bjørketre bør ikkje skjerast hardt attende mot gamle styvingsspor, men kraftige greinskot bør avkappast for å unngå overdimensjonering av greinkruna og rotvelt. Bjørkehagen kan foryngast ved å forme nye styvingstre av unge bjørker. Vidare granplanting eller anna treslagsskifte bør ikkje førekome. Området kan beitast ein del hardare enn i dag, gjerne av ulike husdyrslag.




Figur 18.

Bjørkehagen på Morki strekte seg tidlegare langs heile dalsida. Ein del av dette arealet er no tilplanta med gran, men framleis står mange mektige bjørkestuvar i området.

Verdiurdering

Bjørkehagar er typiske kulturmarkstypar på næringsfattig grunn. Lokaliseringa på tilnærma naken berggrunn og rasmateriale er typisk. Samlinga ved Mørki viser attende på intensiv utnytting av marginale jordbruksressursar. Bjørkehagen har eigenverdi og er viktig som referanseområde for denne tidlegare svært utbreidde kulturmarkstypen i Vik.

5. VALSVIK



Figur 19.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 05: Valsvik

Kulturmarkstype: Slåtteeng med styvingstre

Lokalisering og areal

Garden Valsvik ligg i Framfjorden, like sør for tettstaden, figur 19. Enga ligg på ei bratt skredvifte på vestsida av dalføret kring 40 m.o.h. Enga er avgrensa av dyrka mark i aust og utmark og fjell i vest.

Området har eit areal på eit 3-4 dekar. Området er dekka av kartbladet 1317 III-Balestrand i serien M 711 og av økonomisk kartverk AR-070-1.

Historie

Enga vert framleis slått på tradisjonelt vis med ljå, gjerne litt ut på sommaren. Graset vert hesja på ei rad trohesjar som står året rundt. Det vert framleis lauva på denne teigen. Både høyavlinga og lauvet blir transporterte ned mot garden ved hjelp av ein kombinasjon av to løypestenger. Også noko ved hogge i området vert frakta til gards på desse løypestrengene. Det vert nytta ein del kunstgjødsel på engene.

Skildring av området

Enga er dels overflaterydda slik at ljåslått er mogeleg dei fleste stadane, men overflata er trass i ryddinga noko ujamn. Det er og parti med skrinnare jord og därleg utvikla vegetasjon. Mykje av steinmaterialet er lagt opp i tversgåande steingardar eller i rydningsrøyser. Større og jordfaste steinar er og vanlege. Friskt sigevatn langs fjellsida syter for jamn råmetilgang.

Enga er delt opp i naturlege småflater som fylgjer terrengtilhøva. Trohesjar står oppetter heile enga, hesjastaur står også lagra oppetter styvingstre og steinar. Hesjane er oftast mellom 8-15 golv (rom mellom to staurar) med 6 troer (strenger). Feltsjiktet er frodig og grasdominert, med artar som hundegras (*Dactylis glomerata*), englodnegras (*Holcus lanatus*), engrapp (*Poa pratensis*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), raudsvingel (*Festuca rubra*) og gulaks (*Anthoxanthum odoratum*).

Feltsjiktet er også rikt på dels næringskrevjande urter som engmarikåpe (*Alchemilla vulgaris*), hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), mjødurt (*Filipendula ulmaria*), kvitbladtistel (*Circium helenoides*), raud jonsokblom (*Silene dioica*), gjerdevikke (*Vicia sepium*), raudkløver (*Trifolium pratense*), engminneblom (*Myosotis scorpioides*), løvetann (*Taraxacum vulgaria*) og nesle (*Urtica dioica*). På noko skrinnare grunn veks meir nøysame artar som ryllik (*Achillea millefolium*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*), engsoleie (*Ranunculus acris*), tepperot (*Potentilla erecta*), vanleg arve (*Cerastium fontanum*) og følblom (*Leontodon autumnalis*).



Figur 20.

Slåttenga ved Valsvik ligg i brattlende. Graset vert framleis slått med ljå og hesja på trohesjar. Her er også innslag av ulike styvingstre.

Spreidd på heile enga står lauvtre av ulike slag med tydlege spor etter styving, figur 20. Selje (Salix caprea) er vanlegast med ein greinkrans i eit par meters høgd. Styvingstrea av alm (Ulmus glabra) er høgre med stor lauvproduksjon. På enga står også styvingstre av ask (Fraxinus excelsior) og rogn (Sorbus aucuparia) forutan innplanta lerk (Larix sp.) og fruktetre. Enga er omkransa av ulike lauvtre som gråor (Alnus incana), hegg (Prunus padus), vanleg bjørk (Betula pubescens) og gran (Picea sp.).


Skjøtsel

Enga er velstelt og treng ikkje nokon form for restaurering; struktur og artsinventar vert best oppretthalde gjennom tradisjonell bruk. Vidare utplanering og oppdyrkning vil endre karakteren mot ei meir moderne kultureng. Styvingstrea er også nyleg hausta og framviser ulike stadium i haustingssyklusen. Gamle styvingstre som blir utsette for rotvelt, eller som forsvinn på annan måte, må erstattast. Det kan og utplantast nokre fleire lauvtre i området som etterkvar kan omformast til stuvar. Granplanting må ikkje førekome. Det er og ynskjeleg med bruk av naturgjødsel i staden for kunstgjødsel for å auke innslaget av urter.

Verdivurdering

Enga er eit døme på intensiv utnytting av naturressursane, framleis med bruk av tradisjonelle reidskap og innhaustingsteknikkar. Slike marginale og tungdrivne areal var tidlegare vanleg førekommende i utmarka, men er etterkvart svært sjeldne kulturmarkstypar. Dette området har stor eigenverdi og representerer eit viktig referanseområde i samband med eldre jordbruksdrift. Området har og stor pedagogisk verdi.

6. LEE



Figur 21.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 06: Lee

Kulturmarkstype: Heilskapleg eldre kulturlandskap

Lokalisering, areal og eigedomsmønster

Gardane på indre Lee ligg i Framfjord-dalen, figur 21. Tunet ligg på ei hylle i ei heller bratt dalside, rundt 275 m.o.h. Det går ein smal gardsveg med fast dekke fram til, og gjennom bruket.

Området er dekka av kartbladet 1316 IV-Myrdalen i serien M 711 og av økonomisk kart AR 070-5-1-Valsvik.

Indre Lee er samansett av dei to bruka 54/1 og 54/2. Bruka har til no hatt nokonlunde eins drift med utvikling av like landskapsmønster. Bruket 54/1 femner om rundt 35 dekar innmark og beite, bruket 54/2 er noko mindre. Heile kulturlandskapet på Lee er spesielt, men eit område på rundt 25 da nedanfor tunet omfattar dei mest interessante områda.

Historisk bakgrunn

Bruken og driftsmåtane sidan hundreårsskiftet er godt kjende. Ved hundreårsskiftet budde rundt 30 personar på 4 bruk på indre og ytre Lee. Både inn- og utmarka og fjellområdet vart intensivt utnytta i næringssamanhang.

Frå dei smale fjellskogene Øvste- og Nedste Haverskår, vart det hausta opp til 35 bører høy (900-1000 kg). På utmarksteigen Skårane stod vanlegvis 5 hesjar som gav ein avling på rundt 30 bører (800-900 kg). Denne teigen var inngjerda med risgjerde, smågreiner og kvistar sett saman til eit stengsel for beitande husdyr. To løypestrenger vart monterte rundt 1880 og dette letta arbeidet med å frakte avlinga og andre produkt frå utmarka til gards. Arbeidet i utmarka utgjorde ein populær avveksling frå det tradisjonelle arbeidet på bruket, og var spesielt likt av dei yngre (A. Lee pers. oppl.).

Lauv hausta på ulike måtar var tidlegare særsviktig i forhaldet på Lee. Hausting av 2000-3000 kjerver frå alm, ask, bjørk og selje var vanleg. Både hellerar, lauvløer og stakkar (lauvrauk) vart nytta som lagringsplassar. Løa med namnet "Stakkeløa" vitnar om den tidlegare lagringsmåten. I dei siste åra er det berre lauva 200 lauvkjerver årleg og nesten berre almelauv. Lauvkjervene vert no turka ute på hesjar eller under ein stor heller og lagra på låven utover hausten og vinteren.

Dagens bruk

Kulturlandskapet på Lee vert framleis halde i hevd. Engene vert som tidlegare i hovudsak gjødsla med naturgjødsel, helst sauetalle. Gjødsla vert framkøyrt med traktor, men spreidd for hand med greip. Kunstgjødsel vert berre nytta på

ulendt areal der traktor ikkje kjem til.

Rundt 25 sauar med lam beitar på innmarka frå rundt 1. til 26. mai og frå ca 8. oktober til 1. november. Slåttonna startar først i juni og varar til siste veka i juli. Graset frå dei høgstytande engareaala vert lagt i silo.

Over halvparten av engarealet eignar seg ikkje for maskinell drift og vert framleis slått med ljå. Noko av graset vert hesja i trohesjar. Gråor er det vanlegaste virket nytta til trohesjar på Lee, men elles er og einer eit mykje nytta treslag til dette. Hesjane står ute året rundt. Dei treng årleg vedlikehald, brukstida er 6 til 8 år. Vasstrukne troer gjev därleg forkvalitet då graset lettare myglar i kontakt med treverk enn med streng.

Andreslåtten, eller håslåtten, varar i normalt tre veker frå først i august (ca. 4.-24. august). Også noko potetris vert hesja i samband med potetopptaket og nytta til for. I åkrane vert det dyrka mest poteter. Inntil 1955 vart det vanleg med korndyrking, oftast 2-3 mål med bygg.

Lauvtrea er framleis ein viktig ressurs som fortre for lauving. Men brukarane "rispar" også blad med handa utan å kappe av greinverket og utan bruk av reidskap.

Avkappa greinverk frå lauving og vedhogst vart inntil nyleg skava. Borken frå alm, hegg, rogn og selje vart avriven med spesielle skavjern og nytta til for. Virke som er hogge før håslåtten lett seg vanskeleg skave, derimot går borken lett av på greiner som er hausta på seinsommaren og hausten. Lauvingsonna tek no rundt 2 veker på ettersommaren.

Lauv og borkprodukt er viktige i foringa som avveksling og vitaminkjelde for sauene. Det vert no helst lauva etter innarbeidde vanar og for at trea skal sjå velstelte ut. Skogen og hagemarka tener til uttak av brennved, hesjestaur (gråor) og noko til reidskap og vedlikehald av bygningar og gjerde.

Brukarane på indre Lee er aldrande og maktar etter kvart ikkje å stelle heile garden som før. Dessutan haustar dei meir enn turvande for eige bruk og sel det overskytande. Brukaren har no tankar om å redusere bruken av kunstgjødsel for ikkje å få økologisk ubalanse i jorda og for at graset skal bli veikare og dermed lettare å slå med ljå. (Godt gjødsla flater utviklar ein artssamansetnad med høgvakse gras som er vanskeleg å slå med ljå, spesielt i fuktig ver. A. Lee, pers. oppl.).

Skildring av området

Indre Lee har eit spesielt bygningsmiljø med ein tunstruktur med mange inn- og uthus tett saman. Her er bustadhús, to fjøs med låvar, verkstad, stabbur, eldhus, sengerom, vognhus og fleire mindre buer. Bustadhúsa er moderniserte med bruk av nye materialtypar, medan fleire av dei mindre bygningane har den opprinnelege utsjånaden.

Dei gamle bygningane står på ein solid gråsteinsmur med tømra og bordkledde vegger og taket er tekt med store steinheller. På nokre av uthusa er det tunge



Figur 22.

Lee har eit spesielt rikhaldig kulturlandskap der bygningsmiljø, tekniske anlegg og kulturmarkstypar utfyller kvarandre. Området vert framleis stort sett drive med tradisjonelle arbeidsmåtar.

skifertaket skifta ut med bølgjeblekk. Dei fleste husa er godt vedlikehaldne og i bruk. I bygningane finst det samlingar av mange spesialreidskap og hjelpemiddel laga av gardbrukarane sjølve, som t.d. skaft til ulike ljåtypar, river, korger, kiper og bøtter.

I innmarka finst fleire tekniske anlegg. Eit løypestrengsfeste er plassert like ovanfor tunet. Bakke murar støttar og jamnar ut små engflater i den bratte skråningen. Ein gamal oppbygd veg går gjennom inn- og utmarksarealet.

Dei mange styvingstrea utgjer det mest sentrale kulturmarkselementet på Lee, figur 22. Trea står som biologiske skulpturar over heile innmarksarealet i slåtte- og beiteenga, men er helst koncentrerte langs stiar, grensegjerde, brattlende, og ved bakke murar og utløer. Fleire stadar markerer tresamlingar overgangen mellom inn- og utmarka.

Dei største trea er av uviss alder, men dei fleste stuvane er tillaga i dette hundreåret. Talet på styvingstre har jamvel auka dei siste tiåra gjennom nyplantingar og forming av unge tre.

I området finst fleire slåtteenger. Desse er slått gjennom generasjonar, er gjødsla lite og har truleg enno att mykje av den opprinnelege engfloraen. Innmarksengene er oppbygde av få sterkt kulturpåverka artar som hundegras (*Dactylis glomerata*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), engsyre (*Rumex acetosa*), hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), kvitkløver (*Trifolium repens*), engmarikåpe (*Alchemilla vulgaris*) og engsoleie (*Ranunculus acris*). Meir

beiteprega engsamfunn har eit høgre tal urter og gras. Desse har i tillegg artar som engkvein (*Agrostis capillaris*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), sausvingel (*Festuca ovina*), engrapp (*Poa pratensis*), grastjerneblom (*Stellaria graminea*), smalkjempe (*Plantago lanceolata*), tveskjeggveronika (*Veronica chamaedrys*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*), følblom (*Leontodon autumnalis*) og revebjølle (*Digitalis purpurea*).

Skjøtsel

Då kulturlandskapet er i svært god hevd, er få eller ingen direkte restaureringstiltak naudsynlege. Det er ynskjeleg å vedlikehalde eit representativt utval av kulturlandskapselementa på Lee, m.a. er stell av fleire titals styvingstre ynskjeleg. Dette tilseier ein hausting av rundt 10 tre kvart år.

Lauvinga blir rekna for ei kort onn i dag der det meste av arbeidstida går med til samanbinding av kjerver, opphenging til turk og innkøyring. For å oppretthalde stuvane slik dei er i dag, er det ikkje turvande med kjerving, turking og lagring av lauvet. Då berre avkapping, rydding og bortkøyring er naudsynleg, skulle ei årleg arbeidsmengd på 5 dagsverk vere tilstrekkeleg.

For å halde engstrukturen kring styvingstrea i ein tilstand og med ein artssamansetnad som i dag, må ljåslått framleis nyttast på dei fleste arealet. Ljåslått er eit tidkrevjande og spesialisert arbeid. Antatt arbeidsmengd er såleis i høg grad avhengig av arealet og dels på røynsla til arbeidshjelpa. Vidare må det vurderast om graset skal hesjast og nyttast til for eller komposterast. Engene må slåast seint på sommaren. Dei bør ikkje gjødslast med kunstgjødsel. Trohesjane bør uansett bruk vedlikehaldast då dei er viktige element i det heilskaplege kulturlandskapsmiljøet.


Lee har også eit verneverdig bygningsmiljø med karakteristisk tun-struktur og løer i tilknyting til innmarka. Restaurering og vedlikehald av bygningane må ivaretakast av andre interessegrupper m.a. Riksantikvaren.

Verdivurdering

Kulturlandskapet er i svært god hevd og er framleis stort sett stelt ved tradisjonelle og ofte manuelle arbeidsteknikkar. Her står mange styvingstre av alm, lind, ask og selje. Bygningsmiljøet er variert. Innmarksarealet har ein teigstruktur med åkerlappar og slåtteenger avpassa etter terrengetilhøva. Fleire ulike vegetasjonseininger er representerte.

Landskapet på Lee har stor referanseverdi og eignar seg for forsking både innanfor naturfaglege og kulturhistoriske fagområde. Området har også stor verdi i reiselivssamanheng.

7. BJERGANE



Figur 23.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000).

Typeområde 07: Bjergane

Kulturmarkstype: Støl

Lokalisering og areal

Stølen Bjergane ligg aust i Stølsheimen, i fjellområda kring 5 km sør for Arnafjorden, figur 23. Stølen ligg 893 m.o.h.. Ein anleggsveg bygd i samband med vasskraftutbygginga i området passerer nokre hundre meter frå stølsbygningane.

Området er dekka av kartbladet 1218 I - i serien M 711 og av økonomisk kartblad

Historie

Bjergane ligg under garden Lee i Framfjorden. Gangtida herifrå er kring 3 timer. Det har vore stølsdrift i dette fjellområdet i lang tid, i alle fall attende til 1745. Stølssesongen strekte seg frå først i juli til midten av september, avhengig av snøtilhøva. Den lengste sesongen var frå 1. juli til 15 september. Frå bygda går det to stølsvegar til Bjergane, berre ein vart nytta i samband med buføringa.. .

Dei siste tiåra med stølsdrift var Anna Nummedal og Brita Lee budeier på Bjergane. Dei stelte til saman kring 30 kyr. Den aktive stølsdrifta på Bjergane vart nedlagt så seint som i 1973 (Øvre-Helland 1987). Stølen ligg over skoggrensa og mykje av brennveden måtte kløvjast opp med hest. Også torv frå nærliggjande myrar vart skore, turka og nytta til brensel.

Nærrområdet til Bjergane vart ein del endra i samband med den omfattande kraftutbygginga i fjellet, spesielt med reguleringa av Kvilesteinsvatnet, kring 1 km sør for Bjergane. Utbygginga som tok til i 1965 førte til at gode beiteområde og gamle stiar vart liggjande under vatn. Ein del sauar beitar framleis i dette fjellområdet. Sela vert nytta i samband med salting og tilsyn av sauene, samt i samband med rekreasjon.

Skildring av området

Stølen ligg på eit lite høgdedrag i ein vid fjelldal med rolege og avrunda landskapsformer bortsett frå ein bratt fjellhammar som reiser seg i aust. Under dette framspringet ligg ein del større blokker som gjer ly for husdyra i uver. Dei første stølshusa vart og bygde under desse store blokkene (Skarpen & Aastorp 1989). Berggrunnen her er fyllitt, og forvitningsmaterialet i hellinga har fleire næringskrevjande artar som gulsvart (Saxifraga aizoides), sotstarr (Carex atrofusca), svartstarr (Carex atrata), bjønnbrodd (Tofieldia pusilla) og rynkevier (Salix reticulata) tilhald. Vatn utgjer eit sentralt landskapselement i området, både som små bekkar, større elvar med fossar og rolege parti. Ein litenbekk som renn gjennom stølsområdet tente både som drikkevatnskjelde og til avkjøling av meieriproduktua.



Figur 24.

Bjergane utgjer framleis eit velhalde stølsmiljø, sjølv om nærområdet er noko merkt av kraftutbygginga i fjellområdet. For berre nokre tiår sidan var det livleg aktivitet på stølen (foto frå Anna Nummedal).

Vegetasjonen på sjølve stølsvollen er framleis grasdominert som fylgje av jamn nedbeiting. Tunrapp (*Poa annua*) er ein dominerande art, her veks også engkvein (*Agrostis capillaris*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), fjellitimotei (*Phleum alpinum*) og smyle (*Deschampsia flexuosa*). Vassarve (*Stellaria media*), krypsoleie (*Ranunculus repens*) og løvetann (*Taraxacum vulgaris*) utgjer dei vanlegaste urtene. Stadvis står også enkelte oppslag av nesle (*Urtica dioica*), helst på stadar som er gjødsla av beitedyr.

Dei tilliggjande engsamfunna er meir artsrike, men noko prega av god vasstilgang. Her veks finnskjegg (*Nardus stricta*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), trådsiv (*Juncus filiformis*), slåttestarr (*Carex nigra*), myrfrytle (*Luzula sudetica*) fjellmarikåpe (*Alchemilla alpina*), trefingerurt (*Sibbaldia procumbens*), harerug (*Polygonum viviparum*) og krekling (*Empetrum hermaproditum*).

Utanfor stølsområdet er det noko attgroing med lyngartar som blokkebær (*Vaccinium uliginosum*), blåbær (*Vaccinium myrtillus*), krekling (*Empetrum hermafroditum*), røsslyng (*Calluna vulgaris*) og kvitlyng (*Andromeda polifolia*). I små søkk er det myrdanning. Dei fuktigaste områda er heilt dominerte av flaskestarr (*Carex rostrata*).

Det står i dag fire stølshus på Bjergane, det eldste frå 1870-åra (Fylkeskonservatoren i Hordaland, figur 24). Bygningane er gjennomgåande bygde i stadeigne material då det var langt og tungvindt å kløvje trevirke hit. To av sela har fjøs i kjellaren og er delvis gravne ned i grunnen. Sela har både skot og innsel. Skotet er bygd i stenderverk, det eine er utvendig kledd med oppreiste steinheller nede ved bakken. Dei andre har høge steinmurar som delvis utgjer veggen i skotet. Sela hadde tidlegare torvtak som no er erstatta med bølgjeblekk.


Skjøtsel

To av sela er vedlikehaldne, dei andre er i forfall. Bygningsmassen må utbetrast og vedlikehaldast med tradisjonelt vis med steinmurar, steinheller og torv. Eventuelle nybygg bør oppsetjast på gamle tufter i tråd med lokal byggeskikk. Tilkomstvegen frå anleggsvegen bør til vanleg ikkje vere open for bilkøyring. Sjølve stølssområdet bør framleis beitast slik at vollen held seg grasdominert og fri for lyng og busker.

Verdivurdering

Bjergane utgjer eit tradisjonelt kulturlandskap i eit vakkert naturlandskap. Miljøet er noko skjemd av nye tekniske anlegg. Likevel har det stor eigenverdi og utgjer eit viktig referanseområde for stølskulturen. Ved Bjergane går mange merka turstiar i Stølsheimen, eit mykje nytta utfartsområde.

8. BUNGUM



Figur 25.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 08: Bungum

Kulturmarkstype: Hyllegard

Lokalisering og areal

Bungum ligg på ein fjellrygg på vestsida av Arnafjorden, figur 25. Garden er rydda kring 500 m.o.h, like over eit brattheng. Ein sti frå fylkesvegen ved Hola i Framfjorden fører opp til plassen, turen opp tek kring 1 time.

Bungum utgjer eit heilskapleg kulturlandskap med stor utbreiing, dei tidlegare innmarksareala utgjer eit areal på kring 30 dekar. Området er dekka av kartbladet 1317 III- Balestrand i serien M 711 og av økonomisk kartverk AR-071-3.

Historie

Bungum er ein gammal gard. Jorda her er grøderik og dei tilstøytande utmarks- og fjellområda er store. Her var godt utsyn over ferdsla på fjorden nedunder og tilkomsten var vanskeleg . Dette var viktig i ufredstider.

På dette brattlendte, og nokså tungdrive bruket, var drifta helst konsentrert om småfe-avl. Brukarane sanka gras og lauv i heile utmarka. Det var helst mjølkeproduktta frå geitene som utgjorde hovudinntektskjelda. Geitene utnytta dei store beiteområda best og gav stor avdrott. Men her var også ein del kyr og sau. Vedhogst gav også inntekt.

På Bungum var det lenge to bruk. Den siste av gardane vart fråflytta kring 1950. Dei siste åra budde det ikkje folk her om vinteren. Dei flytte ned til fjorden med husdyra og frakta foret ned på løypestreng. No vert Bungum berre nytta som sporadisk beitemark for sau, samt til feriestad.

Skildring av området


Garden ligg fritt til med vidt utsyn utover Arnafjorden. Tunet er trygt plassert med liten fare for stein-, jord- eller snøskred. Snøen la seg sjeldan i store mengder på denne vindutsette staden. Fleire av husa på Bongum står framleis, Her er både stovehus, løe og uthus. Desse bygningane er velhaldne og oppførte etter ein omfattande brann i 1931. I lia over Bongum ligg vårstølen Hillern med tre stølshus og inne på fjellet sommarstølen Saurset med fire bygningar.

Dei største engene er overflaterydda, og jorda på innmarksarealet er produktiv. Råmetilgangen er god og stabil gjennom vekstsesongen. Det tidlegare innmarksarealet skil seg framleis frå skog og utmark, figur 26. Engene er opne utan større oppslag av kratt og skog. Dei er dominerte av friske og høgvaksne grasartar, vesentleg sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), men her veks også hundegras (*Dactylis glomerata*), engrapp (*Poa pratensis*),

engkvein (*Agrostis capillaris*) og gulaks (*Anthoxanthum odoratum*).

Slåttengfloraen på Bungum er omtala som uvanleg artsrik med tilhald av fleire sjeldne artar (Pridlao 1/90). Engene har innslag av ulike urter, dei fleste nøysame og vanlege engartar som engsyre (*Rumex acetosa*), engsoleie (*Ranunculus acris*), ryllik (*Achillea millefolium*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*) og grasstjerneblom (*Stellaria graminea*). Men på friskare og næringsrik jord er det innslag av firkantperikum (*Hypericum maculatum*), krusetistel (*Carduus crispus*), vendelrot (*Valeriana sambucifolia*), bringebær (*Rubus idaeus*) og nesle (*Urtica dioica*).

Innmarka er omgitt av tett lauvskog, vesentleg av gråor (*Alnus incana*), vanleg bjørk (*Betula pubescens*), selje (*Salix caprea*) og rogn (*Sorbus aucuparia*). Utan endringar i dagens driftmønster vil desse treslaga etterkvar og også etablere seg på innmarka.



Figur 26.

Bungum ligg fritt til på eit dalnes kring 500 meter over Arnafjorden. Kulturlandskapet her er framleis variert og typisk for høgdegardar.

Skjøtsel


Bygningsmiljøet på Bungum er nytta som feriestad og er i nokonlunde bra stand. Det er viktig å oppretthalde eit visst utval av bygningar for å dokumentere bygningsmiljøet på denne isolerte plassen.

Engene må haldast opne og oppskyttande busker og tre bør ryddast bort tidleg i attgroingsfasen. Regelbunden slått er den beste måten å oppretthalde dei gamle kulturengene, men også husdyrbeite er eit aktuelt tiltak. Spesielt bringebær og nesle bør haldast borte frå engene. Det er naudsynleg med eit sterkare beitepress enn det i dag. Eit utval av gamle styvingstre i området kan og skjerast attende mot gamle lauvingsspor. Dette er viktigast for frittståande tre, tre langs randsoner og langs stien.

Verdivurdering

Bungum er ein av dei få hyllegardane i Vik. Lokaliseringa er spesiell med god utsikt over Arnafjorden. Den har stor eigenverdi og eit viktig potensiale i rekreasjons- og friluftssamanheng.

9. HEIMDAL



Figur 27.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 09: Heimdal

Kulturmarkstype: Askealle

Lokalisering og areal

Askealleen står langs austsida av elva Hopra eit par hundre meter sør-vest for Hopperstad stavkyrkje, figur 27. Dyrka mark grensar opp til elva og alleen på begge sider. Området er lett tilgjengeleg frå vegar på begge sidene av elva.

Eigedomen Heimdal er totalt på 17 dekar, men askealleen utgjer berre ei randsone langs innmarka. Området er dekka av kartbladet 1317 II-Leikanger og av økonomisk kartverk AS-072-1.

Historie

Jordbruksområdet på Hopperstad har lange kulturhistoriske tradisjonar. Gamle storgardar og gravhaugar med ymse funn vitnar om dette. Garden Hopperstad hadde 6 større bruk kring 1650, men vart oppdelt på 1800-talet til kring 10-12 bruk.

Sjølve askealleen kan sjåast på fotografi frå 1924. Trea hadde då utvikla den karakteristiske forma for styvingstre. Alleen var skilt frå enga med eit gjerde.

Uplantingar av edle lauvtre til bruk som fortre var vanleg. Trea vart ofte planta i grensa mot utmarka, i tilknyting til steinar, steinopplegg, veiter, og som her langs små elvar der dei ikkje forringa verdifullt slåtte- eller beiteareal.

Dei tilstøytande engene vert i dag slått med maskin. Asketrea har ikkje vore styva på fleire år. Området er tenkt regulerert til bustadføremål.

Skildring av området

Elva Hopra er på staden rett og stilleflytande etter å ha meandrert nedover den siste strekninga av den flate dalbotnen. Elva er steinsett med naturstein med småstein og runda steinar i botnen. Det oppdyrka jordbruksarealet går heilt ut mot elvebredden. Mot sør er området avgrensa av ein markert grusterrasse med fleire gamle styva bjørketre (*Betula pendula*). På engflata ligg også eit gardstun med stovehus, utløe og stabbur, garden er no ubebodd.

Askealleen er bygd opp av tre i ulike høgder, dei fleste kring 5-6 meter høge. Nokre asketre er kappa i høgd på kring 1 meter. Avstanden mellom trea er varierande, oftast frå 3 til 5 meter. Trea er i god stand og få syner teikn til forfall, figur 28.

Vegetasjonen langs elva er prega av høgvaksne og råmekrevjande artar som strandrøyr (*Phalaris arundinacea*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), engrapp (*Poa pratensis*), vendelrot (*Valeriana sambucifolia*), mjødurt (*Filipendula ulmaria*), sløke (*Angelica sylvestris*), hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), kvitbladtistel (*Cirsium heterophyllum*), klengjemaure (*Galium aparine*), skogstorkenebb (*Geranium sylvaticum*), bergmjølke (*Epilobium collinum*) og nesle


(*Urtica dioica*). Langs elva er det også ein del oppskot av busker og tre som selje (*Salix caprea*), gråor (*Alnus incana*) og bjørk (*Betula pubescens*).

Skjøtsel

Askeallen bør fristillast og oppskyttande kratt ryddast. Greinene må skjerast attende mot gamle styvingsspor for å unngå overdimensjonering av trekruna med påfylgjande greinbrekk. Tapte tre må erstattast med unge askar som etterkvart vert forma til nye styvingstre. Feltsjiktet under askane må slåast, det same gjeld dei tilstøytande engareala. Engene har innslag av isådde kulturartar og avspeglar ikkje den gamle slåtteengfloraen. Fleire av desse artane kan likevel på nytt etablere seg ved redusert bruk av kunstgjødsel og sein slått.

Verdivurdering


Utplantingar av lauvtre var tidlegare svært vanleg for å sikre fortilgangen, ofte stod slike utplantingar ved bekker og mindre vasdrag som her. Alleen har ein høg estetisk verdi som eit tradisjonelt "parkelement" i eit jordbruksområde. Ved eventuell utbygging av Heimdal til bustadføremål vil denne eininga utgjere eit viktig innslag i nærmiljøet.



Figur 28.

Askealleen ved Heimdal viser attende på tidlegare ressursutnytting med utplanting av lauvtre som forressurs. Samlinga er i dag eit positivt kulturhistorisk innslag i nærmiljøet.

10. SKJERVEN



Figur 29.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 10: Skjerven

Kulturmarkstype: Hagemark

Lokalisering og areal

Skjerven ligg nedst i Bøadalen, kring 1 km sør-vest for Vik sentrum, figur 29. Hagemarka ligg i ei austvendt helling kring 150 m.o.h. Området er lett tilgjengeleg gjennom ein traktorveg som tek av frå den kommunale vegen ved Skjerven. Hagemarka grensar til innmark og gardstun i aust og til skog og utmark i vest.

Hagemarka har eit areal på kring 5 dekar. Området er dekka av kartbladet 1317 III-Balestrand i serien M-711 og av økonomisk kartblad AS-072-1.

Historie

Skjerven er ein gammal gard, først nemnd i 1522 i historisk kjeldemateriale. I 1666 sådde brukarane heile 17 tønner korn. Dei hadde 64 storfe og 4 hestar. Til gardane låg noko vedskog.

Eit mangetal styvingstre sytte for eit viktig fortilek. Utplantingar av lauvtre var tidlegare svært vanleg for å sikre fortigangen, spesielt i hagemarksområde for å utnytte både tre- og feltsjiktet maksimalt. Det vart tidlegare slått på dei beste flatene i området og framleis føregår slått i tilgrensande "utmarksenger". I dag vert hagemarka berre beita av storfe, vesentleg ungdyr. Ein merka tursti går opp gjennom området og vidare til fjells.

Skildring av området

Hagemarka er delvis overflaterydda, men fylgjer likevel dei natulege terrengformene. Mange steinar ligg i dagen, jamvel også fleire jordfaste blokker. Ein liten bekk renn gjennom hagemarka.

Ei bordkledd utløe med bølgjeblekk tak og god utlufting i gavlen, står sentralt i hagemarka. Ein gammal løypestreng leier frå øvre delar av hagemarka og ned mot garden. Mange styvingstre står i området, hovudsakleg av ask (*Fraxinus excelsior*) og alm (*Ulmus glabra*). Desse er samla langs grensegjerdet i aust, mest som ein alle oppetter traktorvegen som fører vidare til utmarka. Frittståande styvingstre står og spreidde i hagemarka. Nokre av styvingstrea har friske merke etter lauvsank med heller korte greinskot etter siste hausting.

Hagemarka er sterkt beita og har eit grasdominert feltsjikt, figur 30. Grasdominansen skuldast at dei ulike grasartane tåler den regelbundne avklippinga betre enn urtene. Vanlege grasartar er sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), engkvein (*Agrostis capillaris*), sauesvingel (*Festuca ovina*) og engsvingel (*Festuca pratensis*).

Urtene som veks her er stort sett nøysame og typiske for denne kulturmarks-typen. Vanlege urter er ryllik (*Achillea millefolium*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*), grasstjerneblom (*Stellaria graminea*), kvitkløver (*Trifolium repens*), sølvture (*Potentilla argentea*), gulmaure (*Galium verum*), kvitmaure (*Galium boreale*), vanleg arve (*Cerastium fontanum*), følblom (*Leontodon autumnalis*) og tepperot (*Potentilla erecta*). Som fylgje av husdyrtrakk og gjødsling er det eit oppslag av både veggistel (*Cirsium vulgare*) og krusetistel (*Carduus crispus*) og gjetartaske (*Capsella bursa-pastoris*). Botnsjiktet har høg dekning av mosar, mest berre av engkransenmose (*Rhytiadiadelphus squarrosum*).

På motsett side av traktorvegen er det rydda nokre enger som er oppstøtta av bakkemurar. Desse engene har eit jamnare tilsig av råme og er noko gjødsla. Artsinventaret ber preg av denne kulturpåverknaden. Her er det frodige og næringskrevjande artar som hundegras (*Dactylis glomerata*), hundekveke (*Roegneria canina*), engmarkikåpe (*Alchemilla vulgaris*), hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), engsyre (*Rumex acetosa*), løvetann (*Taraxacum vulgaria*) og noko kvitbladtistel (*Circium helenoides*) mot randsonene.



Figur 30.

Hagemarka på Skjerven er eit viktig beitområde. I området er det innslag av styvingstre og rydda slåttenger. Ein merka sti fører gjennom hagemarka og opp i lisida.


Skjøtsel

Hagemarka ved Skjerven er oppretthalden gjennom beiting, lauving og slått. Framhald av desse tradisjonelle bruksmåtane er også den beste skjøtselen. Kombinert beitegang av ulike husdyrslag gjev den beste avbeitinga. Det er viktig å halde oppskyttande kratt unna, spesielt bør sporadiske oppskot av gråor haldast nede. Styvingstrea er eit viktig element i området og alle styvingstrea må haustast med jamne mellomrom. Unge tre, helst av ask eller alm, kan plantast i området og etterkvert formast til styvingstre. Både høyløa og løypestrengen bør vedlikehaldast. Dette er tekniske anlegg som er naturlege innslag i området.

Verdivurdering

Området er rikt på kulturlandskapselement forma og oppretthaldne av tradisjonelle haustingsteknikkar og husdyrbeite. Området utgjer eit referanseområde både for hagemark og utmarksenger i Vik kommune. Turstien som går gjennom hagemarka gjer området lett tilgjengeleg for utnytting i samband med rekreasjon og friluftsliv.

11. PRESTSTØLEN



Figur 31.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 11: Preststølen

Kulturmarkstype: Støl, utmarksslått

Lokalisering og areal

Preststølen ligg i Bøadalen, det vestlegaste dalføret som går opp frå Vikøyri, figur 3. Stølen er rydda i eit flatare parti kring 450 m oppe i dalsida. Det er ikkje køyreveg opp til stølen, gangturen opp frå garden Midlang tek om lag ein time på ein godt opparbeidd stølsveg.

Engene på Preststølen markerer seg tydeleg frå den omkringliggjande lauvskogen og utgjer eit areal på kring 10 dekar. Området er dekka av kartbladet 1317 III- Balestrand og av økonomisk kartblad AR-072-4 og AR 071-2.

Historie

Preststølen har lenge utgjort ein viktig del av næringsgrunnlaget for gardane på Midlang. Namnet fekk den avdi den til liks med hovudbruket, ein gong hørerde til prestegarden i Vik. Både garden og stølen vart kjøpte på auksjon i 1891.

Stølen har i fyrste rekke tent som ein grøderik slåtteteig. Den låg ikkje så høgt mot fjellet og gav god årvisavling. Slåtten her føregjekk etter at slåtonna nede på garden var ferdig, vanlegvis rundt 20. juli. Tidlegare vart heile bøen slått med ljå. Det var lettast å slå på morgonen og føremiddagen då det var noko dogg i graset. Graset vart vanlegvis raka saman og hesja i trohesjar. Men i stabile godversbolkar vart mykje turka som flathøy. Ved turking på bakken måtte høyet stadig snuast, og rakast ut på opne og skuggefrie flater. Det høyet som vert hesja nærmast løa, vart bore dit som store bører bundne saman med børatog. Ein del av høyet vart og frakta til løa med sloabusker (primitive sledar), der høyet vart lagt oppå to bjørkekivistar og bunde fast til desse med tog (Thea Midlang/Pridlao). Transporten av høyet til gards om vinteren skjedde ved at store sekker fullstappa med høy vart rulla nedover lia på snøføre.

Denne tradisjonsrike slåtonna føregår delvis framleis på Preststølen, men slåttearbeitet er lettare med bruk av motorslåmaskin.

Skildring av området

Det organiske jordlaget er godt opparbeidd over det meste av området. Engene er overflaterydda, men fylgjer terrengformene. Det ligg fleire velhaldne stølshus på ei lita flate på stølsvollen, figur 32. Både selet og løa er tufta på gråsteinmurar. Dei er oppførte i bindingsverk med ståande panel. Begge hadde opprinneleg torvtak, men no er delar taket på dei begge utskifta med bølgjeblikk.

Engene kring stølshusa har eit frodig feltsjikt med tilhald av fleire typiske slåttengartar. Vanlege grasartar er gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), engkvein (*Agrostis capillaris*), engrapp (*Poa pratensis*), hundegras (*Dactylis glomerata*), engfrytle (*Luzula multiflora*) og sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*). Her er også mange fargerike urter som prestekrage (*Leucanthemum vulgare*), engsyre (*Rumex acetosa*), raudknapp (*Knautia arvensis*), tveskjeggveronika (*Veronica chamaedrys*), småengkall (*Rhinanthus minor*), raudkløver (*Trifolium pratense*), kvitkløver (*Trifolium repens*), blåkoll (*Prunella vulgaris*), ryllik (*Achillea millefolium*), gulmaure (*Galium verum*), engsoleie (*Ranunculus acris*), gjeldkarve (*Pimpinella saxifraga*) og firkantperikum (*Hypericum maculatum*).

I utkanten av engarealet er talet på frittståande tre og mindre tregrupper stadig aukande. Fleire av desse trea er gamle styringstre med tydlege merke etter tidlegare forsank, vanlegast er alm (*Ulmus glabra*), ask (*Fraxinus excelsior*) og selje (*Salix caprea*). Den omkringliggjande skogen er i hovudsak bygd opp av gråor (*Alnus incana*) og vanleg bjørk (*Betula pubescens*).



Figur 32.

Prest-stølen har vore slått på tradisjonelt vis heilt fram til i dag. Enga har som fylgje av denne regelmessige slåtteaktiviteten kombinert med lite gjødsling, utvikla eit urterikt feltsjikt.


Skjøtsel

Engsamfunna er avhengige av framhald i den tradisjonelle bruken for å oppretthalde karakteren og strukturen dei har i dag. Dei bør slåast jamnleg med lett maskinelt utstyr, gjerne kombinert med ljåslått. Ved gjødsling er naturgjødsel å føretrekkje framfor kunstgjødsel, men slik naturgjødsel er tungvindt å frakte til stølen. Bruken av kunstgjødsel bør i tilfelle vere avgrensa. Oppskyttande busker og tre på sentrale delar av enga bør ryddast bort. Gamle styvingstre i utkanten av enga og langs randsonene må stå og helst skjerast attende mot gamle styvingsspor. Det kan vere aktuelt å forme nye styvingstre. All granplanting i tilknyting til Prestestølen bør unngåast.

Verdivurdering

Området på Prestestølen har ein mektig naturlokalisering, og har stor verdi både til rekreasjon og friluftsliv. Fleire representative element er knytte til gamle og tradisjonelle og hevdhaldne forsankingsteknikkar. Engene har ein typisk urterik slåtteengflora, med innslag av gamle styvingstre. Området har pedagogisk verdi og utgjer eit viktig referanseområde for dei tidlegare så mange og viktige heimestølane i Vik.

12. FOSSE



Figur 33.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 12: Fosse

Kulturmarkstype: Urterik slåtteeng

Lokalisering og areal

Slåtteenga ligg ved garden Fosse kring 3 km sørvest for Vikøyri, figur 33. Den ligg like ved fylkesvegen som fører inn i Seljedalen. Enga ligg i ei bratt sør-vestvendt li kring 200 m.o.h.

Den urterike enga grensar i nedkant til ein gardsveg og i overkant til ein traktorveg. Den femner om eit areal på kring 2 dekar. Området er dekka av kartbladet 1317 II i M711-serien og av økonomisk kartblad AS-071-5-2.

Historisk bakgrunn

Den frodige lia ved Fosse har gjennom lang tid vore intensivt nytta i jordbruksamanheng. Utan gjødsling med husdyrgjødsel vart avlingane avgrensa. Engene vart vanlegvis beita om våren og slått ut i juli då formengda i var størst. Kvaliteten og næringsverdien på graset var nok betre nokre veker tidlegare. Sein slått favoriserer mange urter som rekk å blomstre og setje mogne frø før slåtten.

Dei bratte og dels ujamne engene vart slått med ljåar. Den registrerte slåtteenga er for bratt til innhausting med traktor, ein er her avhengig av manuelle arbeidsmåtar.

Skildring av området

Den urterike slåtteenga ligg i utkanten av eit jordbruksområde med tilgrensande innmarksenger og hagemark. Enga er overflaterydda og oppstøtta av eit par større bakkemurar som også flatar opp delar av enga. Midt på enga ligg ein større jordfast stein. Ved steinen er det eit opplegg av hesjestaur.

Feltsjiktet på enga er frodig og kring 40-50 cm høgt, figur 34. Det har ein høg dekning av gras, men er likevel visuelt dominert av fargerike urter, spesielt av prestekrage (*Leucanthemum vulgare*). Artsmangfaldet er svært høgt med eit mangetal engartar frå både turre- og fuktige kultursamfunn.

Område med jamn råmetilgang er dominert av artar som hundegras (*Dactylis glomerata*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), englodnegras (*Holcus lanatus*), engsvingel (*Festuca pratensis*), engmarikåpe (*Alchemilla vulgaris*), enghumleblom (*Geum rivale*), kvitbladtistel (*Circium helenoides*), engkarse (*Cardamine pratensis*), hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), skogstrokenebb (*Geranium sylvaticum*) og mjødurt (*Filipendula ulmaria*). Vanlegast er likevel ei utforming med noko meir turketålande gras og urter som gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), sauesvingel (*Festuca ovina*), engfrytle (*Luzula multiflora*),

engrapp (*Poa pratensis*), småengkall (*Rhinanthus minor*), fuglevikke (*Vicia cracca*), gjerdevikke (*Vicia sepium*), raudknapp (*Knautia arvensis*), tveskjeggveronika (*Veronica chamaedrys*), gjeldkarve (*Pimpinella saxifraga*), gulmaure (*Galium verum*), jordbær (*Fragaria vesca*), ryllik (*Achillea millefolium*), smalkjempe (*Plantago lanceolata*), engsoleie (*Ranunculus acris*), kvitkløver (*Trifolium repens*), raudkløver (*Trifolium pratense*) og firkantperikum (*Hypericum maculatum*). Engkransemose (*Rhytiadiadelphus squarrosus*) har stadvis høg dekning i botnsjiktet.

Mot utkanten av enga er det ei sone med større lauvtre, vesentleg selje (*Salix caprea*), hegg (*Prunus padus*), gråor (*Alnus incana*). Ingen av desse trea har spor etter tidlegare styving.

Skjøtsel

Enga er i god hevd og treng ikke restaurering. Den må årleg slåast på tradisjonelt vis, gjerne med kombinasjonen mellom maskinell slått med ei lita motorslåmaskin og etterslått med ljå. Slåtten må føregå sein i juli månad, etter blomstring og frøsetjing. Feltsjiktet kan gjerne beitast forsiktig på våren og ettersommaren. Bruken av kunstgjødsel må vere avgrensa.



Figur 34.


Slåttenga på Fosse er svært artsrik bygd opp av både både friske og turre samfunn. På føresommaren er den visuelt dominert av prestekrage.

Verdivurdering

Urterike slåtteenger var tidlegare ein utbreidd kulturmarkstype i Vik kommune. Lågtytande og tungdrivne jordbruksområde gjennomgår i dag ofte bruksendringar enten ved oppdyrking, tilplantingar, gjødsling med kunstgjødsel eller ved brakklegging. Enga på Fosse er ei artsrik, velhalden og typisk representant for dei gamle slåtteengene. Den ligg mellom innmarks- og hagemarksareal og er lett tilgjengeleg.

Enga har stor eigenverdi, spesielt i perioden med blomstring då den utgjer eit visuelt blikkfang. Artssamansetnaden er tilpassa langvarig kulturpåverknad og representerer kulturhistorie og er viktig for både undervisning og forsking.

13. GRØNSBERG



Figur 35.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 13: Grønsberg

Kulturmarkstype: Heilskapleg kulturlandskap

Lokalisering og areal

Høgdegarden Grønsberg ligg i Seljedalen, eit lite dalføre opp frå Vikøyri, figur 35. Garden ligg brattlendt til i ei sørvendt li kring 450 m.o.h. Den har tilkomst gjennom ein nokre hundre meter bratt og svingete gardsveg.

Totalt femner Grønsberg om eit areal på kring 50 dekar innmark og mykje utmark. Området er dekka av kartbladet 1317 II-Leikanger i serien M-711 og av økonomisk kartverk AS-071-5-2.

Historie

Grønsberg er nemnd i historiske kjelder første gong i 1603. Ein Jakob rydda garden på nokre tiår og garden fekk snart status som fullgard. I 1666 hadde brukarane 16 kyr og 2 hestar. Dei sådde 5 tønner korn, men hadde ikkje tilliggjande vedaskog (Hoprekstad 1958). Tidlegare var det folksamt på dei to brukta på Grønsberg. Så seint som i mellomkrigsåra budde det 17 personar her, inkludert både dreng og tenestejente.

Som på andre gardar var det omfattande førebuingar til dei ulike onnene samt mykje førefallande utbetringsarbeid. Om våren var det først å køyre møk på åkrane som vesentleg låg i hellinga på nedsida av tunet. Møka måtte både breiast og hakkast ned og blandast med jorda med ein gong for å hindre avrenning. Kvinnene raka kvist og reinska markene slik at det skulle kome minst mogeleg rusk i høyet.

Trohesjane og gjerda mot utmarka måtte og istandsetjast eller settast opp. Det meste av høyet vart køyrt til tuns med hest og höyslede. Likevel måtte mykje av høyavlinga berast fram i store ryggbører.

Grønsberg ligg solrikt til og tilhøva er godt eigna til korndyrking. Kornet skulle vera i jorda kring 12. mai. Kornskjering var eit spesielt strevsamt arbeid. Også poteter vart dyrka her. Potetris og halm oppdelt til "hakkelse" og utrørt i heitt vatn utgjorde eit viktig forprodukt. Som andre stadar i Vik utgjorde lauvet ein viktig forressurs. Lauvtre stod først og fremst i utmarka (Pridlao 3/88).

Vegen til Grønsberg vart framført først i 1979. Til då hadde ei taubane frakta det meste av varer frå dalbotnen og opp til tunet, samt transportert mjølka til meieriet.

På Grønsberg er det i dag to gardsbruk. Det eine vert framleis drive, men ikkje så intesivt som tidlegare. Det er framleis ikkje føreteke jordskifte her derfor er mykje av den gamle teigblandinga intakt. Grunna det bratte terrenget er onnearbeidet vanskeleg å utføre med moderne hjelpemiddel. Fram til i dag har mykje av haustingsarbeidet vorte utført med stuttov og høyet bore i hus.

Skildring av området

Bygningsmassen på Grønsberg er særmerkt, figur 36. Den gamle tunstrukturen med fleire ulike spesialiserte hus tett saman er framleis rådande, på dei to bruka er det til saman 11 hus. Her er både stovehus, kårstove, fjøsar for ulike husdyr, stall, løe, reidskapshus, stabbur samla omkring eit lite rekketun. På fleire av bygningane vender gavlen ut mot dalen. Husa er gjerne tufta på solide gråsteinsmurar. I utmarka står også restane etter nokre bygningar, m.a. eit kvernhus i stein og ei utløe. Over innmarka ligg fleire mindre oppmurte vegar eller stiar kombinert med bakkemurar av stein. Stadvis leier også små veiter over enga, både med vatnings- og dreneringsfunksjon.

Dei frodigaste engene er godt gjødsla og har eit feltsjikt samansett av produktive engartar. Desse engene er dyrka, men fylgjer terrenget. Stadvis stikk berg og større steinar fram. Mindre intensivt utnytta naturenger er svært artsrike med artar frå den gamle slåtteengfloraen. Desse engene har eit stort tal gras som engreverumpe (*Alopecurus pratensis*), hundegras (*Dactylis glomerata*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), raudsvingel (*Festuca rubra*), engrapp (*Poa pratensis*), tunrapp (*Poa annua*), sauesvingel (*Festuca ovina*), engfrytle (*Luzula multiflora*) og beitestarr (*Carex oederi*).

Engene er også farga av eit stort tal urter. Dominantstilhøvet varierer ein del etter nærings og råmetilhøve. Vanleg førekommende er hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), gulmaure (*Galium verum*), kvitmaure (*Galium boreale*), fuglevikke (*Vicia cracca*), prestekrage (*Leucanthemum vulgare*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*), raudkløver (*Trifolium pratense*), engsyre (*Rumex acetosa*),



Figur 36.

Grønsberg har eit samansett kulturlandskap med tilnærma klyngjetun og kringliggjande varierte kulturmarkstypar. Den eine garden er framleis i drift med bruk av tradisjonelle haustingsteknikkar.

firkantperikum (*Hypericum maculatum*), tveskjeggveronika (*Veronica chamedrys*), ryllik (*Achillea millefolium*), småengkall (*Rhinanthus minor*), stemorsblomst (*Viola tricolor*), blåkoll (*Prunella vulgaris*), smalkjempe (*Plantago lanceolata*), tepperot (*Potentilla erecta*), vanleg arve (*Cerastium fontanum*) og hårsveve (*Hieracium pilosella*). I tilknyting til innmarka står fleire styvingstre, vesentleg av selje (*Salix caprea*). I utkantar og ved rydningsrøyser er det også oppslag av ein del nyperose (*Rosa canina*) og einer (*Juniperus communis*).

Hagemarksareala ved Grønsberg er store. Vest for tunet ligg ei hagemark som delvis er overflaterydda for stein. Ein god del av desse steinmassane er samla i rydningsrøyser, eller er murt opp til buvegar og steingardar. Langs grensegjerdet mot utmarka er det fleire styvingstre, vesentleg av selje (*Salix caprea*) og ask (*Fraxinus excelsior*). Dei er ikkje hausta på lang tid. Noko trevirke er utteke til ved og lagt opp i vedlad. I området er det også ein del planting av gran (*Picea abies*), mest mindre samlingar eller enkelttre.

Skjøtsel

Kulturlandskapet på Grønsberg er oppretthalde gjennom langvarige og tradisjonelle arbeidsrutinar heilt fram til i dag. Bygningsmassen i det gamle rekketunet er intakt og stort sett vedlikehaldne, også kvernhus og utløe i utmarka bør vedlikehaldast for å oppretthalde det samla bygningsmiljøet.. Stadeigne og historisk korrakte bygningsmateriale må naturlegvis nyttast ved all utbetring.


Innmarksareala og dei nærmaste utmarksareala er også i god hevd, oppretthaldne gjennom aktiv bruk med slått og beiting. Hovedslåtten kan gjerne utførast med slåmaskin, men det er ein føremun med etterslått med ljå der maskina ikkje når til. Bruk av husdyrgjødsel i staden for kunstgjødsel er å føretrekkja for å oppretthalde dei gamle slåtteengene. Det er ynskjeleg at mindre enger vert stelte for å styrke inntrykket av den gamle teigblandingsstrukturen.

Etterkvart er det aukande mengder med oppskot av busker og tre ved rydningsrøyser og mot utmarka. Slikt oppskot bør ryddast. Greinverket på styvingstrea i inn- og utmarka bør skjerast attende mot gamle styvingsspor. Nye styvingstre må formast der gamle fell bort ved rotvelt, hogst o.l. Gran er eit heller nytt innslag i kulturlandskapet på Grønsberg, og vidare utplanting bør ikkje førekome i området eller sterkt avgrensast.

Verdivurdering

Grønsberg representerer eit heilskapleg miljø der både bygningar, tekniske anlegg og dei kringliggjande kulturmarkstypane utdjupar og forsterkar kvarandre. Den gamle tunskipnaden og dei intakte kulturmarkstypane gjer at området har spesiell stor eigenveri. Det utgjer eit sentralt referanseområde både for forsking og undervisning. Miljøet kan i framtida eigne seg og som eit bygde- eller økomuseum, og vil vere viktig i reiselivssamanheng.

14. MYRKASKOG



Figur 39.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 14: Myrkaskog

Kulturmarkstype: Beitebakke

Lokalisering og areal

Beitebakken ligg på ei ras- og bekkevifte fremst i Seljedalen, figur 39. Den ligg i ei bratthelling på nordsida av dalføret, kring 400 m.o.h.. Hagemarka grensar til oppdyrka engareal. Frå fylkesvegen gjennom Seljedalen er det kort avstand til beitehagen.

Den inngjerda beitebakken utgjer eit areal på eit par dekar. Området er dekka av kartbladet 1317 II-Leikanger og av økonomisk kartverk AT 071-5-1.

Historie

Gardane ved Myrkaskog er gamle, og nemnde for første gong i skriftlege kjelder i 1611. Den hadde i 1666 ein sånad på 2 tønner blandakorn og avling på 6 tønner. Her var 14 storfe og ein hest. Den vart registrert som fjellgard med noko vedaskog.

Beitebakken vart tidlegare også nytta som slåtteland.


Skildring av området

Hellinga er delvis overflaterydda for stein, spesielt i nedkant mot den oppdyrka enga. Steinmateriale er lagt opp i steingardar og små bakkemurar, spesielt ned mot innmarksareala. Det organiske jorddekket er stadvis godt utvikla. Ein bekk fører ned i utkanten av området, men hagemarka kan likevel turke noko ut gjennom sommaren.

Dei sentrale områda av beitebakken er utan busk- eller treoppslug. I overkant av området er det noko oppslag av einer (*Juniperus communis*), figur 40. Som fylgje av den harde beitegangen er feltsjiktet kort og grasdominert, spesielt på våren og føresommaren. Vanlege artar er sauesvingel (*Festuca ovina*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), smyle (*Deschampsia flexuosa*) og engfrytle (*Luzula multiflora*).

Det er også eit variert innsalg av urter, for det meste lågvaksne og krypande artar som t.d. kvitkløver (*Trifolium repens*), legeveronika (*Veronica officinalis*), hårsveve (*Hieracium pilosella*), tiriltunge (*Lotus corniculatus*), ryllik (*Achillea millefolium*), vanleg arve (*Cerastium fontanum*), fjellmarikåpe (*Alchemilla alpina*), grasstjerneblom (*Stellaria graminea*), gulmaure (*Galium verum*), skoggråurt (*Gnaphalium sylvaticum*), tepperot (*Potentilla erecta*), engsyre (*Rumex acetosa*) og engsoleie (*Ranunculus acris*).

Beitebakken går gradvis over i skogssamfunn med bjørk (*Betula pubescens*) og gråor (*Alnus incana*) som dei vanlegaste. Tilplanting med gran (*Picea sp.*) utgjer stadvis legjerde mot innmarka.



Figur 40.

Beitebakken er hardt beita av sau og har som fylgje av dette utvikla eit grasdominert feltsjikt.


Skjøtsel

Framhald i beiting er naudsynleg for å oppretthalde denne lysopne hagemarka utan etablering av eit tresjikt. Utan beiting vil også artsinventaret i feltsjiktet endre seg. Det bør ikkje utplantast gran på hagemarka. Det kan vurderast å forme nokre styvingstre i utkanten av området.

Verdivurdering

Denne avgrensa hagemarka er eit typeområde for ein sterkt beitepåverka vegetasjonstype som tidlegare var meir utbreidd i Vik. Den har tilhald av artar tilpassa hard og langvarig beitegang og utgjer eit referanseområde for denne typen.

15. TVEIT



Figur 37.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 15: Tveit

Kulturmarkstype: Einerhage

Lokalisering og areal

Tveit ligg ved fjorden kring 3 km sør for Vangsnes, figur 37. Einerhagen ligg like over RV 13 mellom Vangsnes og Vik og er lett tilgjengeleg frå denne. Hagemarka ligg i ei vestvendt helling kring 50 m.o.h.

Einerhagen stekkjer seg noko opp i lisida der den gradvis går over i andre vegetasjonseiningar. Kjerneområdet ved vegen har ei flatevidd på under 5 dekar. Området er dekka av kartbladet 1317-II-Leikanger i serien M711 og av økonomisk kartverk AS-073-5-1.

Historie

Hagemarkstypar med tette samlingar av einer (*Juniperus communis*) er vanlege i heile Vik kommune. Som på Tveit førekjem dei helst i område med fjell og berg i dagen der åkerdrift eller slått var vanskeleg. Oppstamma einer stod ofte fritt på beitemarkene og opptok lite beiteareal. Forutan medviten skjøtsel, er det husdyrbeite med storfe og sau som har gitt einerhagane det karakteristiske særpreget (Austad & Hauge 1990).

Søyleeineren var høgst skatta. Einer er motstandsdyktig mot råte, og dei rette einerstolpane vart mykje nytta til gjerde- og hesjestaur. Einer vart også nytta i andre samanhengar, til taktekking, risgjerde, reingjering, ølbrygging, dekke på jordgolv m.m.

Einerhagen på Tveit er beita av husdyr. Ei tilliggjande eng er i tillegg slått kvar sommar.

Skildring av området

Hagemarka ligg i utkanten av eit oppdyrka engstykke med godt utvikla organisk jorddekke til skrinnare område med mykje berg i dagen. På enga er råmetilgangen er jann og god på enga. Eineren har ulike former, vanlegast er likevel høgreiste søyleforma eksemplar, figur 38. Einersamlinga er gjennomgåande lysopen og skuggar feltsjiktet berre i avgrensa grad.

Enga er frodig og artssamansetnaden prega av gjødsling. Frodige og breiblada gras dominerer, slike som hundegras (*Dactylis glomerata*), engrapp (*Poa pratensis*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) og gulaks (*Anthoxanthum odoratum*). Vanleg førekommende urter er kvitkløver (*Trifolium repens*), engsyre (*Rumex acetosa*), engsoleie (*Ranunculus acris*), tveskjeggveronika (*Veronica chamaedrys*), firkantperikum (*Hypericum maculatum*), smalkjempe (*Plantago lanceolata*), vanleg arve (*Cerastium fontanum*), engstjerneblom (*Stellaria*



Figur 38.

Einerhagar var tidlegare svært utbreidd i Vik. Søyleforma einerar vart kultiverte og stammene nyttta til gjerdestolp og staurar. Elles hadde eineren uttalege bruksområde.

graminea) og ryllik (*Achillea millefolium*). I område med trakkpåverknad står groblad (*Plantago major*), vassarve (*Stellaria media*) og krypsoleie (*Ranunculus repens*).

På skrinnare grunn er feltsjiktet dominert av nøysame artar som tepperot (*Potentilla erecta*), linnea (*Linnea borealis*), tiriltunge (*Lotus corniculatus*), skogstjerne (*Trientalis europea*), legeveronika (*Veronica officinalis*) og sisselrot (*Polypodium vulgare*). Her er også eit større innslag av lyngartar som krekling (*Empetrum hermaphroditum*) og tytebær (*Vaccinium vitis-idaea*). Oppslaget av einstape (*Pteridium aquilinum*) er markert gjennom den mindre beita delen av hagemarka. Det er også eit jamt innslag av større busker som nyprose (*Rosa canina*), hassel (*Corylus avellana*) og furu (*Pinus sylvestris*) som er skogdanne i den tilgrensande skogen. Berga har høg dekning av mosar.

I hagemarka finst ikkje spesielle tekniske anlegg eller restar etter slike.

Skjøtsel


Området vert framleis nyttta i næringssamanheng. Engarealet vert slått, og husdyr beitar i einerhagen. Likevel er delar av hagemarka i ferd med å gro til. Spesielt buskforma einerar som opptek eit stort beiteareal må ryddast bort. Rettvaksne eksemplar bør oppstammast, både slik at virket kan nyttast samt at

beitearealet blir forringa minst mogleg. Oppskyttande lauvkratt bør ryddast. For å oppretthalde einerhagen er det turvande med framhald i beiteaktiviteten. Naboskapet og overgangen mot ei slåtteeng i hevd forsterkar kvaliteten til området. Denne slåtteenga bør ikkje gjødsla med kunstgjødsel, helst berre med husdyrgjødsel for å få ein rikare og meir typisk slåttengflora enn den har i dag.

Verdivurdering

Området utgjer ein karakteristisk einersamling i Vik med høg eigenverdi. Stadig fleire einerhagar er truga av attgroing eller utbygging. Området har verdi som referanseområde for denne kulturmarkstypen og har også pedagogisk verdi.

16. OVRID



Figur 41.

Lokalisering av typeområdet (kart i målestokk 1:50 000 og 1:5000).

Typeområde 16: Ovrid

Kulturmarkstype: Urterik slåtteeng

Lokalisering og areal

Ovrid ligg på vestsida av dalføret Vesledalen, figur 41. Enga ligg i ei bratt helling kring 500 m o.h. Den grensar til innmark i nord og sør og til hagemark og lauvblandingsskog med granplantingar i vest. Gardsvegen til Ovrid fører like i nedkant av enga. Området ligg avsolt til, og snoen kan ligge lenge ut på våren.

Slåtteenga har eit areal i underkant av 10 dekar. Området er dekka av kartbladet 1317-II Leikanger og av økonomisk kartverk AT-071-1.

Historie

Bruken av denne enga kan førast langt attende. Den er rydda i eit grøderikt jordbruksområde. Enga vert framleis slått med ljå, oftast eit stykke ut i juli månad. Graset vert hesja.

Skildring av området

Enga er i overkant oppstøtta av ein lang bakkemur som ligg på tvers av fallretninga. Jorda er fulldyrka, men jordsmonnet er stadvis tunt. Erosjon har ført til jordsig i hellinga og øydelagt delar av dei gamle urterike samfunna.

Enga har ein stor artsrikdom og skil seg merkbart frå dei kringliggjande og sterkt kultiverte innmarksengene. Feltsjiktet er 30-40 cm høgt og er samansett av grasartar som gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), engkvein (*Agrostis capillaris*), engrapp (*Poa pratensis*), raudsvingel (*Festuca rubra*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), timotei (*Phleum pratense*), engreverumpe (*Alopecurus pratensis*) og engfrytle (*Luzula multiflora*).

Enga utgjer veksestad for fleire av dei typiske artane frå tradisjonelle slåtteengsamfunn. Mange av dei fargerike og spesielle artane er likevel mindre skatta som forgras då dei gjerne er både stive og har lågt næringsinnhold. Enga er dominert av prestekrage (*Leucanthemum vulgare*). Elles finst urter som smalkjempe (*Plantago lanceolata*), tveskjeggveronika (*Veronica chamaedrys*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*), knollertreknapp (*Lathyrus montanus*), blå-koll (*Prunella vulgaris*), stormaure (*Galium mollugineum*), raudkløver (*Trifolium pratense*), skogstorkenebb (*Geranium sylvaticum*), firkantperikum (*Hypericum maculatum*), gjerddevikke (*Vicia sepium*), engsoleie (*Ranunculus acris*), engmari-kåpe (*Alchemilla vulgaris*), hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), vanleg arve (*Cerastium fontanum*), skjernsveve (*Hieracium umbellatum*) og engsyre (*Rumex acetosa*).

Innslaget av mosar er også stadvis stort med dominans av engkransemose (*Rhytidiodelphus squarrosum*).

Skjøtsel

Slike etablerte og varierte samfunn må oppretthaldast gjennom dei skjøtselsteknikkane som har forma enga. Avgrensa husdyrbeiting, moderat gjødsling saman med sein ljåslått er dei mest veleigna tiltaka. Tunge traktorar vil presse saman jorda og auke sjansane for vidare jorderosjon. Kunstgjødsel og gylle vil endre konkurransetilhøvet artane i mellom og utarme urterikdomen.

Verdivurdering

Lokaliteten er ei av dei få større og hevdhaldne urterike slåtteengene i kommunen. Den har stor eigenverdi og utgjer eit referanseområde for slike tradisjonelle engsamfunn.



Figur 42.

Enga har høgt innhold av fargerike urter og vert framleis slått med ljå.

7.0 SAMANDRAG

Fast busetjing med jordbruksdrift har lange tradisjonar i Vik. Mange og rike fornminne og kulturminne viser attende på tidleg organisete samfunn. Folketalet har svinga ein god del. Som for andre stadar i Sogn representerte Svartedauden i 1350 eit klart skilje. Folketalet steig kraftig utover 1700- og først på 1800-talet, ikkje minst grunna potetdyrkning. Stort folketal saman med fleire uår gav grunnlag for ein særleg stor utvandring frå Vik til Amerika. Per Ivarson Undi med familei var dei første frå Sogn som drog til det nye landet i 1839.

Bortsett frå jordbruksområda i dalføra ovanfor Vikøyri, var det mange små og tungdrivne bruk i Vik, spesielt langs fjorden. Mange var baserte på fehald, forsanking i utmarka og utnytting av dei rike fjellområda. Spesielt stølsdrifta har lange tradisjonar med opp til fleire stølar på kvart bruk.

Omskifta i jordbruket med mekanisering og auka bruk av kunstgjødsel gjekk heller seint i veglause dalføre. Stølsdrifta tok seinare slutt her enn elles i Sogn og drifta på stølen Bjergane (nr. 8) heldt fram til 1973. Framleis er fleire av dei gamle stølsmiljøa i Stølsheimen relativt intakte som t.d. Alrek (nr.2). Preststølen (nr. 11) utgjer døme på heimestølar med husdyrhald på våren og slått om sommaren. Dette området er vert framleis slått på tradisjonelt vis, og høyet transportert til gards med sloar, ryggbører eller ved rulling av høyballar.

Fleire av dei isolerte fjordgardane vart drivne etter gamle og tradisjonelle prinsipp langt inn i dette hundreåret. Framleis finst mange og godt haldne kulturmarkstypar representerte. Spesielt i Arnafjordsområdet er mange av desse miljøa framleis levande, kanskje med det heilskaplege kulturlandskapet på Lee (nr. 7) som det aller beste typeområdet. På Lee finst både tradisjonelle slåtteteigar, lundar, velhaldne styvingstre samt eit gammalt bygningsmiljø med klyngjetunstruktur. På garden vert framleis dei fleste av dei tradisjonelle innhaustingsteknikkane og reidskapa nytta. Grønsberg (nr.13) er eit tilsvarande heilskapleg miljø med noko mindre variasjon i kulturlandselementa. Hyllegarden Bungum (nr. 8) er fråflytta, men bygningsmiljøet er framleis intakt.

Tradisjonelle kulturmarkstypar i hevd finst fleire andre stadar i området, som hagemarka med eit mangetal velhaldne styvingstre på Engum (nr. 3) og slåtteenga på Valsvik (nr. 5). Urterike slåtteenger er framleis representerte i Vik med fragment på Fosse (nr.12) og Ovrid (nr.16) som dei rikaste utformingane. Engene ligg vanlegvis i utkanten av oppdyrka areal, gjerne i hellingar på skrinn jord. Dei best utforma engene vert ikkje gjødsla med kunstgjødsel.

Beitebakken ved Myrkaskog (nr. 14) er typeområde for ein tidlegare utbreidd kulturmarkstype. Eit høgt tal beitedyr, i dag gjerne sau, formar denne opne vegetasjonstypen. Beitebakkane er grasdominerte utan større oppslag av buskar og tre.

Kulturskogar med eit høgt tal styvingstre finst fleire stadar i kommunen. Desse skogane vart nytta både til lauving, rising og ikkje minst vedhogst og var gjerne

dominerte av alm og lind. Skogstypen er aller best utvikla langs austsida av Arnafjorden, men fragment finst også andre stadar i kommunen. Ingen typeområde fangar opp denne kulturmarkstypen. Tilsvarande var bjørkehagar vanlege innslag på fattig og skrinn grunn. Hagemarkstypen låg ofte noko opp i dalsida, gjerne heilt opp mot fjellet. Hagemarka vart både beita, slått, lauva og nytta til vedhogst. Bjørkehagen ved Morki (nr. 4) var tidlegare ein av dei større i Vik, men er no redusert i omfang grunna granplanting.

Også einerhagar er vanlege i Vik med oppstamming og skjøtsel av rettstamma eksemplar. Dei rikaste utformingane finst i dag langs standa mellom Vik og Vangsnæs, med Tveit (nr. 15) som eit lite, men typisk område.

8.0 LITTERATUR

- Austad, I. 1985 a: Vegetasjon i kulturlandskapet. Bjørkehager og einerbakker. Sogn og Fjordane distriktskole. Skrifter 1985:1.
- Austad, I. 1985 b: Vegetasjon i kulturlandskapet. Lauvingstrær. Sogn og Fjordane distriktskole. Skrifter 1985:2.
- Austad, I., Brinkmann, K., Fremstad, E., Hauge, L. & Skogen, A. 1985: Vegetasjon i kulturlandskapet. Lauvingstre, bjørkehagar, einerbakkar og urterike slåtteenger. Vern, bruk og skjøtsel. ØKOFORSK NAVF.
- Austad, I. & Lea, B. & Skogen, A. 1985: Kulturpåvirkete edellauvskoger. Utprøving av et metodeopplegg for istandsetting og skjøtsel. ØKOFORSK rapport 1985:1.
- Austad, I. & Hauge, L. 1987: Galdane i Lærdal kommune. Metodeopplegg for istandsetting og skjøtsel av kulturlandskapet. ØKOFORSK utredning. 1987:4.
- Austad, I. 1988: Tree Pollarding in Western Norway. In Birks (ed): The cultural landscape, Past, Present and Future. Cambridge University press. Cambridge. 11-29 pp.
- Austad I. & Hauge, L. 1989: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane distriktskole Skrifter 1989.
- Austad, I. & Hauge, L. 1990: Juniper-fields, a man made vegetation type. History, ecology and vegetation dynamics. Nordic Journal of Botany.
- Austad, I. & Hauge, L. 1990: Galdane in Lærdal, Norway. Restoration and management. Approach, methods and preliminary results. Landschaft und Stadt 21.
- Berg, A. 1968: Norske gardstun. Inst. for samanl. kulturforskn. serie B. Skrifter 55. 304 s.
- Bergfjord, K. 1989: Stølsnamn i Vik. I Pridlao nr. 1.
- Brekke, O.A. & Laberg, J. 1951: Jordi og bonden. I Hopperstad (red): Bygdabok for Vik i Sogn. Bind 1. Boktrykk, Bergen. s. 345-364.
- Cappelens Forlag 1986: Cappelens bil- og turistkart. 1:325 000.
- Det Norske Meteorologiske Institutt 1987: Nedbørssnormaler for normalperioden 1931-1960. Utskrift juli 1987.
- Engesæter, Aa. 1979: Vikøyri fram til om lag 1900. Undervisningsmateriale ved Sogn og Fjordane distriktskole.
- Fremstad, E. & Elven, R. 1987: Enheter for vegetasjonskartlegging i Norge. Økoforsk utredning 1987:1. Fylkeskonservatoren i Hordaland 1979: Støler i Stølsheimen. Registreringsrapport nr. 5.
- Fylkeskonservatoren i Hordaland 1979. Brekke, N. G. (red). Støler i Stølsheimen. Registreringsrapport nr. 5. Bergen.

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1987: Utkast til Stølsheimen landskapsvernområde. Rapport nr. 4.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1989a: EDNA. Registrerte område av naturverninteresse i 1417 Vik.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1989b: FRIDA. Registrerte område av friluftsinteresse i 1417 Vik.
- Hauge, L. 1987: Restaurering av husmannsplassen Galdane i Lærdal. Årbok for Sogn s 42 -51. Historielaget for Sogn. 1987.
- Hauge, L. 1988: Galdane, Lærdal, Western Norway. Management and restoration of the cultural landscape. I Birks (red.): The cultural landscape, Past, present and future. Cambridge University press. Cambridge. s 31-45.
- Hoprekstad, O. 1951: Bygdabok for Vik i Sogn. Bind 1. Boktrykk, Bergen.
- Hoprekstad, O. 1956: Bygdabok for Vik i Sogn. Bind 2. Boktrykk, Bergen.
- Hoprekstad, O. 1958: Bygdabok for Vik i Sogn. Bind 3. Boktrykk, Bergen.
- Klakegg O. et. al. 1989: Sogn og Fjordane fylke. Kvartærgeologisk kart M 1:250 000. NGU.
- Knaben, G. 1956: Arnafjord- og Vikafjell, planteliv og stølsliv. I Hopperstad (red): Bygdabok for Vik i Sogn. Bind 2. Boktrykk, Bergen. s. 30-80.
- Lid, J. 1985: Norsk, svensk og finsk flora. Det Norske Samlaget. Oslo.
- Lindstrøm, C. 1985: Gamle Lærdalsøyri. I årbok for Sogn nr. 31. Historielaget for Sogn. s. 26-41.
- Nese, M. 1956: Noko um skogen i Arnafjord. I Hopperstad (red): Bygdabok for Vik i Sogn. Bind 2. Boktrykk, Bergen. s. 270-274.
- Nordiska ministerrådet 1984: Naturgeografisk regioninndeling av Norden.
- Pridlao div.: Lokalhistorisk tidsskrift frå Vik.
- Schei, N. 1980: Bygd og By i Norge, Sogn og Fjordane fylke. Gyldendals forlag. Oslo.
- Seim, A. 1956: Meir um gardane frå Djuvvik til Fyli. I Hopperstad (red): Bygdabok for Vik i Sogn. Bind 2. Boktrykk, Bergen. s. 275-291.
- Sigmond, E.M.O., Gustavson, M, Roberts, D. 1984: Berggrunnsgeologisk kart over Norge. M: 1:1 million. NGU.
- Skarpen, A. M. & Aastorp S. M. 1989: Stølsheimen. Et kulturlandskap i endring. Kandidatoppgåve ved Sogn og Fjordane distrikthøgskule. Upubl.
- Sunde, R. 1989: Ein stad skal ein vera. Utvandringa frå Vik i Sogn. Sogn og Fjordane Forlag A/S.
- Timberlid, J. A. 1988: Topografi og vestnorsk jordbruk. Pridlao 2/88.
- Tyssen, A. 1985: Utmarka, produksjonsstad og byggeplass. Årbok for Sogn nr. 31. s. 16-25.